






**NORGES
DOMSTOLER**

Årsrapport 2020

Domstoladministrasjonen



INNHALD

<u>I. DIREKTØR OG STYRELEIARS MELDING</u>	<u>3</u>
<u>II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTALL</u>	<u>5</u>
<u>III. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT</u>	<u>26</u>
<u>IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA</u>	<u>50</u>
<u>V. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER</u>	<u>63</u>
<u>VI. ÅRSREKNESKAP</u>	<u>66</u>



I. Direktør og styreleiarers melding

Året som var annleis

2020 blei eit heilt annleis år enn venta også for domstolane og Domstoladministrasjonen (DA). Koronapandemien prega heile organisasjonen. Verksemda til domstolane blei sterkt avgrensa i mars då Regjeringa innførte dei mest inngripande tiltaka i Noreg i fredstid. Det blei fort klart at dette ikkje kunne fortsetje lenge.

Domstolane er ei samfunnskritisk verksemd som må haldast i gong også under ein pandemi. Saman med domstolane laga DA raskt forslag til mellombels prosessregelverk. Dette opna for langt større bruk av fjernmøte ved gjennomføring av rettsmøte. Forslaga fekk støtte frå dei politiske styresmaktene, og dei behandla forslaga svært hurtig.

Regjeringa og Stortinget har stilt til disposisjon ekstra midlar. Dette gjorde det mogleg både å investere i meir og betre teknisk utstyr, og å engasjere mellombels dommarar. Til saman har dette ført til at verksemda til domstolane har vore nesten på vanleg nivå også under pandemien.

I tillegg har domstolane hatt svært få tilfelle av smitte i verksemda fordi smittevernet har vore godt handtert. Vi er imponerte over, og takknemlege for endringsevna og endringsviljen medarbeidarane i domstolane og DA har vist heile dette året.

Året blei også annleis fordi domstolane fekk betydeleg politisk merksemd. Det blei endeleg sett punktum for mange års debatt om domstolstrukturen. Regjeringa la fram for Stortinget ønske om å redusere talet på rettskretsar i Noreg: Regjeringa ønskte å redusere frå 60 til 23 tingrettar, og frå 34 til 19 jordskifterettar.

Alle stader som har hatt domstolar hittil, skal oppretthaldast som rettsstader. Stortinget slutta seg til dette. DA skal gjennomføre denne endringa i 2021, i tett samarbeid med domstolane.

Denne reforma er eit godt kompromiss mellom omsynet til effektive og fagleg sterke domstolar, og ønsket om å bevare arbeidsplassar i heile landet.

Vi er svært glade for at tilliten til domstolane auka betydeleg i 2020, etter eit fall i 2019. Eit samfunn bygd på tillit er ein avgjerande føresetnad for at det opne demokratiet vårt skal fungere godt.

I tillegg til at innbyggjarane har høg tillit til domstolane, har den anerkjende «WJP Rule of Law Index» nok ein gong Noreg på andreplass i verda i 2020. Det er berre Danmark frammanfor oss. Denne tilliten og anerkjenninga får vi fordi det blir utført eit svært godt arbeid i alle domstolane våre, av alle medarbeidarane.



Strategi «Domstolane 2025»

I 2020 fortsette arbeidet med å realisere måla i strategien vår «Domstolene 2025». Den blei utarbeidd i tett samarbeid mellom domstolane og DA. Strategien er no førande for alle satsingane våre. Den slår fast at domstolane og DA skal arbeide mot fire mål:


- Ein brukar- og utviklingsorientert konfliktløysar
- Digitalt rettsliv
- Samsvar mellom ressursar og oppgåver
- Styrka sjølvstende

På grunn av koronasituasjonen gjekk digitaliseringa av domstolane raskare i 2020. Løysingar som til vanleg ville ha kravd lang tid til planlegging, utvikling og innføring, blei utvikla og sett i verk på kort tid. Dette gjeld til dømes elektronisk signering av rettsavgjerder. Samtidig er andre tiltak til dels utsette. Dette gjeld til dømes mange kompetansetiltak som føresette fysiske møte. Men kompetansearbeidet er etter kvart rigga om, og det blir gjennomført mange digitale tiltak.

Sjølvstendet til domstolane

I fleire europeiske land er sjølvstendet til domstolane under betydeleg press frå politiske styresmakter. DA fann det dessverre heilt nødvendig å bryte samarbeidet med domstolane i Polen fordi domstolane der ikkje lenger kan seiast å vere reelt uavhengige. Dette samarbeidet har vore en del av EØS-avtalen. Internasjonalt samarbeid er viktig for oss. Vi i Noreg skal bidra til å styrke rettstryggleiken i andre land, men samarbeidet er også viktig for å styrke vår eigen kompetanse og medvit om viktige, prinsipielle spørsmål for domstolane.

I Noreg er situasjonen annleis. Norske dommarar opptrer uavhengig, og tilliten til domstolane er som nemnt høg. Hausten 2020 la Domstolskommisjonen fram den andre rapporten sin. Den inneheld fleire forslag som skal styrke sjølvstendet til domstolane. Vi håpar at det politiske miljøet ser behovet for å verne og styrke domstolane som ei uavhengig statsmakt.




Direktør Sven Marius Urke

Styreleiar Bård Tønder



II. Introduksjon til verksemda og hovudtall



Domstolane si rolle i samfunnet

Domstolane er ei av dei tre statsmaktene i Noreg:

- Stortinget - den lovgivande makta
- Regjeringa - den utøvande makta
- Domstolane - den dømmende makta

Domstolane dømmer på grunnlag av lovene Stortinget vedtar, og det er berre domstolane som kan dømme til straff (Grunnlova § 96).

Idé og verdigrunnlaget til domstolane

Domstolane skal vere uavhengige. Dei skal sikre og fremje rettstryggleiken og verne om rettssamfunnet, og dei skal til ei kvar tid ha høg tillit i samfunnet.

Arbeidet i domstolane skal vere prega av kvalitet, integritet, respekt, service, openheit og effektivitet.

Sjølvstende og openheit

Domstolane og dommarane skal vere sjølvstendige i den dømmende verksemda, og ingen kan instruere domstolane om korleis dei skal handtere ei sak.

Domstolane utøver betydeleg makt. I eit demokratisk samfunn er det viktig med stor grad av openheit og offentlegheit.



Kva gjer domstolane?

Hovudoppgåva til domstolane er å løyse rettslege tvistar. Domstolane handterer sivile tvistar og straffesaker og avgjer konkrete saker som blir reiste for retten. Domstolane tar aldri sjølve initiativ til å reise ei sak.

Domstolane utfører også: offentleg skifte (dødsbu, felleseige, konkurs) tvangsfullbyrding og notarialforretningar.

Dei alminnelege domstolane

Noregs Høgsterett

Noregs Høgsterett er den øvste domstolen i Noreg, og utgjer saman med Stortinget og Regjeringa dei øvste statsorgana i Noreg. Høgsterett er ein ankedomstol som behandlar ankar over avgjerder som er fatta av lågare domstolar, både sivile saker og straffesaker. Høgsterett har myndigheit på alle rettsområde. Men Høgsterett tar ikkje stilling til skuldspørsmålet i straffesaker.

Lagmannsrettane

Lagmannsrettane tar stilling til ankar over rettsavgjerder i sivile saker og straffesaker. Ankane kjem frå tingrettane i lagdømmet (geografisk område som består av domssokna til fleire tingrettar) og frå jordskifterettane.


Tingrettane

Tingrettane er første ordinære domstol. Dei behandlar både sivile saker og straffesaker. I Oslo er domstolane i første instans fagleg delte mellom Oslo tingrett og Oslo byfutembete.



Kart over dei alminnelege domstolane per 31.12.2020

DEI ALMINNELEGE DOMSTOLANE



Målestokk 1 : 6mill
Kartdata - Statens kartverk
Kartet er produsert av
DA (ptm) januar 2020




Særdomstolar og andre domstolliknande forvaltningsorgan

Jordskiftedomstolen

Jordskiftedomstolen er ein særdomstol som arbeider med saker etter jordskiftelova. Jordskifteretten er førsteinstans og lagmannsretten er ankeinstans.

Kart over jordskiftedomstolane per 31.12.2020

JORDSKIFTEDOMSTOLANE



Målestokk 1 : 0mill
 Kartdata - Statens kartverk
 Kartet er produsert av
 DA EPN januar 2020



Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark

Finnmarkskommisjonen skal kartlegge eksisterande bruks- og eigarrettar som folk i Finnmark har erverva på grunnlag av langvarig bruk.

[Les meir om Finnmarkskommisjonen.](#)

Utmarksdomstolen for Finnmark er ein særdomstol som behandlar dei rettstvistane som kan oppstå når Finnmarkskommisjonen har kartlagt bruks- og eigarrettar.

[Les meir om Utmarksdomstolen for Finnmark.](#)

Forlikrådet

Forlikrådet er det første leddet i rettssystemet for sivile saker. Det er ein meklingsinstitusjon med avgrensa domsmakt.

[Les meir om Forlikrådet.](#)

Domstoladministrasjonen

Domstoladministrasjonen (DA) er eit sjølvstendig forvaltingsorgan med eige styre. DA skal ta vare på og støtte opp under sjølvstendet til domstolane og dommarane, og arbeide for at verksemda til ei kvar tid oppfyller krav og forventingar i samfunnet.

DA har ansvaret for ressursfordeling til, og den sentrale administrasjonen av domstolane i Noreg.

Ansvaret ovanfor domstolane omfattar mellom anna

- økonomi
- organisasjonsutvikling
- kompetansetiltak
- kommunikasjonsarbeid
- drift og utvikling av IKT-system

DA har det overordna administrative ansvaret for Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark.

DA har ein overordna arbeidsgivarfunksjon for dei alminnelege domstolane og jordskifterettane.



Leinga i Domstoladministrasjonen

Styret i Domstoladministrasjonen

Styret er øvste styresmakt for Domstoladministrasjonen, og skal sjå til at administrasjonen av domstolane skjer på ein forsvarleg og formålstenleg måte.

Styret skal behandla saker som er av viktighet for DÅ, herunder budsjettforslag for domstolane og DÅ, og fordeling av budsjettmiddel innanfor rammer som er fastsette av Stortinget. Styret skal i tillegg gi generelle retningslinjer for DAs verksemd.

Sju av dei ni medlemmene i styret blir utnemnde av Kongen i statsråd, to medlemmer blir valde av Stortinget.

Styret for perioden 1. august 2019- 31. juli 2021 består av:

- Styreleiar, Bård Tønder, tidligare Høgsterettsdommar
- Varamedlem, Cecilie Østensen Berglund, Høgsterettsdommar

- Medlem Marianne Vollan, Førstelagmann
- Vara, Bjørnar Stokkan, Lagdommar

- Nestleiar Rolf Selfors, Sorenskrivar
- Vara, Håkon Rastum, Sorenskrivar

- Medlem, Oddmund Roalkvam, Jordskifterettsleiar
- Vara, Arve Konstali, Jordskifterettsleiar

- Medlem, Anders Brosveet, Advokat
- Vara, Anne Marit Pedersen, Advokat

- Medlem, Anne Helsingeng, Advokat
- Vara, Rannveig Sem, Advokat

- Medlem Marit Nybakk, tidligare stortingsrepresentant
- Vara, Karin Woldseth, tidligare stortingsrepresentant

- Medlem Sonja Iren Sjøli, tidligare stortingsrepresentant
- Vara, Ingebrigt S. Sørfonn, tidligare stortingsrepresentant

- Medlem Bente Fanavoll Elverum, Administrasjonssjef
- Vara, Wenche Nilsen, Rådgivar



- Direktør i domstoladministrasjonen: Sven Marius Urke


Avdelingsdirektører:

- HR og kommunikasjon: Kari Berget
- Informasjon og teknologi: Olav Berg Aasen
- Innovasjon og domstolutvikling: Ingrid Olsen
- Rettsavdelinga: Solveig Moen
- Økonomi og styring: Jann Ola Berget

	Antall tilsette	Årsverk
Domstoladministrasjonen	126	123,60
Fast tilsette	110	109,40
Mellombels /engasj. tjm	14	12,20
Vikarar	1	1,00
Åremålstilsette	1	1,00



Domstoladministrasjonens organisasjonskart pr 31.12.2020



Antall tilsette og årsverk i Noregs domstolar i 2020

	Antall	Årsverk
Finnmarkskommisjonen	15	11,40
Avvikende mellombels tilsette	4	0,60
Fast tilsette	9	8,80
Mellombels/engasj. tjm.	2	2,00



Noregs Høgsterett	72	70,97
Embedsmenn	19	19,00
Fast tilsette	52	51,47
Mellombels engasj. tjm	1	0,50
Jordskifterett	232	224,94
Avvikande faste tilsette	1	1,00
Embedsmenn	71	70,90
Fast tilsette	147	140,69
Mellombels engasj. tjm	12	11,35
Vikarar	1	1,00
Lagmannsrett	321	314,17
Avvikande faste tilsette	5	5,00
Avvikande mellombels tilsette	4	4,00
Embedsmenn	176	174,30
Fast tilsette	116	111,47
Mellombels engasj. tjm	4	4,00
Vikarar	16	15,40
Tingrett	1276	1246,01
Avvikande faste tilsette	4	4,00
Avvikande mellombels tilsette	5	5,00
Ekstrahjelp	1	1,00
Embedsmenn	364	362,40



Fast tilsette	716	691,77
Mellombels engasj. tjm.	148	146,60
Vikarar	38	35,23
Totalt tilsette inkl. DA	2042	1991,08

Tilsette i Oslo byfutembete inngår i sammenstillinga for tingrettane

Tilsynsutvalet for dommarar

Tilsynsutvalet er eit disiplinærorgan som behandlar klager på dommarar. Utvalet er oppnemnt av Kongen i statsråd. Tilsynsutvalet omfattar alle fagdommarar i jordskifterettane, tingrettane, lagmannsrettane og Høgsterett. I tillegg til dei faste embetsdommarane, gjeld ordninga også for mellombelse dommarar og dommarfullmektigar. Tilsynsutvalet er samansett av to representantar for allmenta, ein advokat, to dommarar frå dei alminnelege domstolane og ein jordskiftedommar.

[Les meir om Tilsynsutvalget.](#)

Innstillingsrådet for dommarar

Innstillingsrådet er eit eksternt, sjølvstendig og uavhengig organ. Dommarar i Høgsterett, lagmannsrettane, tingrettane, jordskifterettane og Utmarksdomstolen for Finnmark blir utnemnde av Kongen i statsråd etter innstilling frå Innstillingsrådet for dommarar.

[Les meir om Innstillingsrådet for dommere.](#)


Sidegjøremålsregisteret for dommarar

Sidegjøremålregisteret er ei oversikt over tillitsverv, investeringar og anna som dommarar har ved sida av arbeidet sitt. Registeret gjer det lettare for partar/advokatar å undersøkje habiliteten til dommarane.

[Les meir om Sidegjøremålsregisteret.](#)



Nøkkeltal frå 2020




Tiltruundersøkinga 2020

Resultatane for Tiltruundersøkinga 2020 viser ein betydeleg auke i tiltrua til domstolane, regjeringa og Stortinget.

Tiltruundersøkinga viser at 45 prosent av befolkninga har svært høg tiltru til domstolane, mot 27 prosent i 2019. Heile 92 prosent av befolkninga har svært eller ganske stor tiltru til domstolane i undersøkinga mot 83 prosent i 2019.


Del av befolkninga som har svært stor eller stor tiltru til domstolane 1996-2020



Samanlikna med politiet, regjeringa og Stortinget kommer domstolane best ut i årets tiltruundersøking når det gjelder hvor mange som oppgir å ha «svært høg tiltru».



Tiltru til utvalde institusjonar 2020



I følge Jan Behrens, fagansvarleg for omdømmemålingar hos Ipsos, er det ein tydeleg koronaeffekt på fleire av målingane i 2020. Mange offentlege institusjonar har gjort det spesielt godt i år, og tala kan vere eit teikn på at innbyggjarane sluttar opp om samfunnsinstitusjonar i krisetider.

Regjeringa har til dømes hatt si beste omdømmemåling på 15 år. Stortinget har eit historisk høgt nivå, saman med fleire departement og institusjonar som til dømes Forsvaret.

Rule of Law Index

WJP Rule of Law Index 2020 måler årleg korleis innbyggjarane opplever rettstryggleiken i kvardagen sin. Noreg har nest høgaste score av alle dei 128 landa som er undersøkte. Danmark scorar høgast, medan Finland og Sverige er på tredje- og fjerdeplass.

130 000 hushald og 4 000 ekspertar over heile verda deltar. Landa blir målte ut frå åtte ulike rettstryggleiksdimensjonar, som fråvær av korrupsjon, maktfordeling, tryggleik, openheit, sivil prosess og straffeprosess. Dimensjonane er i alt delt opp i 38 faktorar. 1,0 står for total rettstryggleik.

Noreg scorar høgast i verda på to dimensjonar:

- Open forvaltning 0,89
- Vel fungerande straffeprosess 0,83
- Noreg er rangert som nummer to på:
- Maktfordeling mellom lovgivar, regjering og domstolar 0,94
- Fråvær av korrupsjon 0,94
- Fundamentale rettar 0,91
- Regulatorisk gjennomføringsevne 0,87
- Vel fungerande sivilprosess 0,85



Det einaste som trekkjer ned er "Orden og sikkerhet" der Noreg med score på 0,93 er rangert som nummer 4 av dei 128 landa.

Norway

Region: EU & EFTA & North America
Income Group: High

The scores range from 0 to 1, where 1 signifies the highest possible score and 0 signifies the lowest possible score.


Overall Score	Regional Rank	Income Rank	Global Rank
0.89	2/24	2/37	2/128

Score Change	Rank Change
0.00	—


	Factor Score	Score Change	Regional Rank	Income Rank	Global Rank
Constraints on Government Powers	0.94	0.00	2/24	2/37	2/128
Absence of Corruption	0.94	0.00	2/24	2/37	2/128
Open Government	0.89	0.00	1/24	1/37	1/128
Fundamental Rights	0.91	0.01	2/24	2/37	2/128
Order and Security	0.93	0.00	2/24	4/37	4/128
Regulatory Enforcement	0.87	0.00	2/24	2/37	2/128
Civil Justice	0.85	0.00	2/24	2/37	2/128
Criminal Justice	0.83	0.00	1/24	1/37	1/128

* Indicates statistically significant change at the 10 percent level

Low Medium High



Fordeling av innkomne saker til tingrettene og Oslo byfutembete



Skjønn:
238 saker

(Figuren over viser mengde innkomne saker, men gir ikkje eit reelt bilde på ressursbruk i dei ulike sakstypene. Dei ulike sakstypene har ulik kompleksitet.)



Saksavvikling i tingrettene og Oslo byfutembete

Sakstyper i tingrettene	Antall saker i 2020 (endring fra 2019)			Antall domstolar utenfor mål for saksbehandlingstid
	Innkømne	Behandla	Restanse	
Tvistesaker	12 984 (-3 %)	12 883 (-8 %)	6 698 (2 %)	24 (19)
Einedommarsaker	51 709 (1 %)	51 486 (1 %)	1 890 (3 %)	1 (1)
Meddomsrettsaker	14 365 (3 %)	14 038 (-2 %)	3 487 (8 %)	26 (20)

I 2020 kom det inn tre prosent færre tvistesaker til tingrettene enn i 2019. Talet på slutta saker var også vesentleg mindre enn året før. Samla sett har restansane auka gjennom 2020. 24 av tingrettene nådde ikkje målet Stortinget har sett om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på maksimalt seks månader. I 2019 var det 19 tingrettar som ikkje nådde målet. Dei største kategoriane av tvistar som kom inn til domstolane var:

- alminnelege tvistesaker (44 prosent)
- saker etter barnelova (19 prosent)
- overprøving ved tvangsvedtak (8 prosent)
- arbeidsrettssaker (9 prosent)

Rettsmekling har vore eit tilbod ved alle tingrettene og lagmannsrettene sidan 2006. I tingrettene blei det halde rettsmeklingsmøte i 1983 saker i 2020 (1936 i 2019).

1364 saker er registrerte som forlikte etter rettsmekling (1306 i 2019). I 2020 behandla tingrettene ni gruppesøksmål, mot sju slike søksmål i 2019.

Det blei gjennomført mekling i 26 prosent av dei sakene som kunne meklast i 2020, mot 24 prosent i 2019. 69 prosent av desse sakene blei forlikte i 2020, mot 67 prosent i 2019.

Trass i koronapandemien har politiet og påtalemakta oppretthalde normal produksjon i 2020. Det har medført noko auka saksinnangang av straffesaker til tingrettene.

Tingrettene avvikla langt færre saker enn vanleg i perioden mars til mai på grunn av pandemien. Dette medførte auka restansar. Avviklinga av saker har vore god siste halvåret av 2020, og restansane er på veg nedover igjen.


Året sett under eitt har restansane auka. Talet på tingrettar som ikkje har nådd målet om maksimal gjennomsnittleg saksbehandlingstid på tre månader i meddommarsaker, har auka.

Talet på straffesaker med strafferamme over seks år i tingrettene har auka svakt dei siste 4-5 åra. Fleire domstolar melder at dei mest alvorlege og krevjande sakene får stadig større betydning for kvardagen i domstolen.




Samla viser årsstatistikken for 2020 at 34 tingrettar ikkje nådde målet for saksbehandlingstid i ein eller fleire av sakstypane.


Innkomne saker 2016-2020




Talet på behandlede saker 2016-2020



Talet på saker i restanse 2016-2020



Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (mnd)



Saksavvikling i lagmannsrettane

Sakstypar i lagmannsrettane	Antall saker i 2020 (endring fra 2019)			Antall domstolar utenfor mål for saksbehandlingstid
	Innkome	Avgjorde	Restanse	
Ankar over dom i sivile saker	1764 (-6 %)	1755 (-9 %)	1068 (1 %)	3 (2)
Ankeproving i straffesak	2757 (-5 %)	2656 (-7 %)	337 (36 %)	-
Fagdomarsaker	244 (-20 %)	293 (3 %)	89 (-26 %)	6 (6)
Begrensa anker	97 (-41 %)	126 (-23 %)	33 (-44 %)	6 (6)
Bevisanker under 6 år	289 (-14 %)	323 (-7 %)	168 (-13 %)	6 (6)
Bevisanker over 6 år	199 (-49 %)	275 (-26 %)	134 (-36 %)	6 (6)22

Det var redusert saksinnang og saksavvikling av ankar i sivile saker i 2020 samanlikna med 2019. Lagmannsrettane avslutta nesten like mange saker som det kom inn, og det var berre mindre endringar i restansane.

Lagmannsrettane mottok færre straffeankar til overprøving. Ved inngangen til 2020 blei adgangen til å sile vekk saker utvida til også omfatte saker med strafferamme på over seks år.

Andelen saker som blir sendt vidare til realitetsbehandling har gått ned gjennom 2020. Talet på saker som har gått vidare til realitetsbehandling er dermed vesentleg redusert i 2020 samanlikna med åra før.

Lagmannsrettane har realitetsbehandla fleire saker enn det har kome inn for alle dei fire straffesakstypane: Fagdommarsaker, avgrensa ankar, bevisanker under 6 år og bevisanker over 6 år.


Restansane av saker til realitetsbehandling blei dermed reduserte i løpet av 2020. For 2021 er saksinngangen til lagmannsrettane noko usikker.

Venteleg vil dei nye stillingane tingrettane fekk tildelt hausten 2020 føre til auka saksavvikling i tingrettane. Dette kan i sin tur medføre fleire ankesaker til lagmannsrettane.


Saksbehandlingstida var stabil for sivile ankesaker, men gjekk betydeleg opp for alle straffesakstypar i 2020. Samla for alle lagmannsrettane var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2020 lenger enn målet på seks månader i sivile ankar over dom. Tre av dei seks lagmannsrettane klarte å nå målet. Alle lagmannsrettane har gjennomsnittlege saksbehandlingstider som er lenger enn målet på tre månader i alle straffesakstypane.




Innkomne saker 2016-2020




Talet på behandla saker 2016-2020



Talet på saker i restanse 2016-2020



Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (mnd)



Jordskifterettane

Saksavvikling 2020

Jordskiftesaker	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 2019 til 2020
Innkomne	1425	1336	1168	1253	1373	10 %
Avgjorde	1266	1286	1352	1325	1265	-5 %
Restanse	1960	2020	1836	1736	1816	5 %
Saksbehandlingstid (mnd)	Ingen data			16,1	16,3	1 %

I 2020 fekk jordskifterettane inn 1373 saker. Det er ein auke på 10 prosent samanlikna med 2019. Det kom inn fleire rettsfastsetjande og færre rettsendrande saker. For skjønn og saker om gjenopning er det berre mindre endringar i 2020 samanlikna med året før.

Jordskifterettane avslutta 1265 saker i 2020. Det er ein reduksjon på fem prosent samanlikna med året før. Etter fleire år med reduksjon av restansar, aukar igjen talet på føreliggjande saker litt i 2020.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for avslutta saker er litt over 16 månader. For dei største sakstypane, rettsfastsetjande og rettsendrande saker, er det berre mindre forskjellar. Men det er store forskjellar i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom dei enkelte jordskifterettane.

Høgsterett -saksavvikling 2020

Høgsterett skriv om saksavvikling i årsmeldinga si for 2020. Årsmeldinga kan lesast her: <https://www.domstol.no/Enkelt-domstol/hoyesterett/arsmelding/2020/> (s 26-29)

Utvalde hovudtal frå årsrekneskapen 2019 og 2020

	2019	2020
Talet på utførte årsverk	1 810	1 839
Samla tildeling (inkl. regelstyrte postar)	5 102 389 000	5 253 787 133
Driftskostnadar	2 714 946 000	2 843 342 169
Lønnsandel	69,0 %	68,0 %



III. Årets aktiviteter og resultat



Strategisk plan i 2020


«Domstolene 2025»

Strategisk plan for domstolane i Norge - Domstolene 2025 vart vedtatt i februar 2018.

Desse fire målne skal gjennomførast i planperioden:

- Ein brukar- og utviklingsorientert konfliktløysar
- Digitalt rettsliv
- Samsvar mellom ressursar og oppgåver
- Styrka sjølvstende

Domstolane 2025 blir følgde opp i planverket for verksemda og i dialogen med domstolane.



For 2020 vedtok DAs styre følgjande utviklingsområde for domstolane og DA:

Mål 1	Ein brukar- og utviklingsorientert konfliktløysar
Utviklingsområde	1.2. Riktige avgjerder til rett tid
Tiltak	Auka bruk av mekling
Mål 3	Samsvar mellom ressursar og oppgåver
Utviklingsområde	3.2 Betre ressursutnytting
Tiltak	Økt fokus på aktiv saksstyring
Utviklingsområde	3.3 Utvikle og legge til rette for bruk av felles praksis og løysingar
Tiltak	Implementering av felles retningslinjer for iretteføring av straffesaker og for bruksordning for veg når det gjeld jordskiftedomstolane.



Mange domstolar viser til at dei har gjort organisatoriske grep med innføring av moderat spesialisering knytt til rettsmekling

Mekling og aktiv saksstyring er faste tema i tilknytning til rutinar for planmøte. Tilsette deltar i kompetansetiltak både internt og i regi av Domstoladministrasjonen

Mange domstolar følgjer opp med jevnlege rapporteringar internt, og i utviklinga av interne retningslinjer. Når det gjeld aktiv saksstyring rapporterer dei fleste domstolar at dei har implementert felles retningslinje i tvistesaker. Det blir òg jobba aktivt med implementering av felles retningslinjer for iretteføring av straffesaker

Aktiv saksstyring og mekling er tema i dommarmøte og internseminarer. Bruk av planmøte har auka. Det er sett av meir tid til desse både i sivile saker og straffesaker. Mange domstolar gir opp at dei samarbeider på tvers i domstolane og med aktørar i retten for å skapa felles praksis og løysingar. Jordskiftedomstolane rapporterer at også ingeniørar gjennomfører mekling, og at intern retningslinje for bruksordning på veg er tatt i bruk.

Digitalisering i ei pandemitid

Satsinga på digitalisering i domstolane er forankra i «Domstolene 2025» og «Digitale domstoler». Satsinga pregar all utvikling knytt til kjerneverksemda til domstolane. Den overordna ambisjonen vår er eit digitalt rettsliv der målbiletet for Digitale domstolar er å realisere ein heildigital og saumlaus rettsprosess.

Fram til utgangen av 2020 har satsinga vore særleg retta mot dei største tingrettane, lagmannsrettane og Høgsterett. Budsjettvedtaket i Stortinget for 2021 medfører at satsinga endeleg kan utvidast til å omfatte alle domstolane, også mindre tingrettar og jordskifterettane.

Den opphavelige satsinga varer i seks år (2017-2022), og den er berekna til å koste 230 millionar kroner. Når alle tiltaka er gjennomførte, er det berekna at domstolane kan oppnå ein årleg nettogevinst på 36 millionar kroner. Utvidinga gjeld frå 2021 til og med 2024.

I tillegg vil det vere store kvalitative gevinstar for domstolane og andre aktørar ved mellom anna

- redusert risiko for manuelle feil
- gjenbruk av data og informasjon
- meir sporbare data og auka tryggleik
- forbetra statistikkgrunnlag og styringsinformasjon
- betre tilgjenge til data og dokument for domstolen og brukarane deira



Året 2020 har vore prega av koronapandemien. Det blei tidleg klart at det måtte gjerast betydelege omprioriteringar i dei planane som var lagde.

Digitale ferdigheiter, løysingar og verktøy blei raskt kritiske element for å kunne oppretthalde aktiviteten i domstolane og sikre rettstryggleiken til den enkelte. Utvikling og innføring av løysingar for å støtte saksavviklinga i domstolane i ein ny digital kvardag der dei fleste sat på heimekontor, måtte prioriterast.

Nokre av løysingane, og bruken av desse, var avhengige av endringar i lover og regelverk. Samspelet mellom behova til domstolane, teknisk moglegheiter og løysingar og regelverksarbeidet har vore vesentleg for å kunne etablere løysingar som kunne tas i bruk allereie i april 2020.

Det var samtidig viktig å sikre at utviklingsaktivitetar og innføring av nye løysingar skulle medføre så liten risiko for driftsavvik som mogleg.

Det blei også innført andre lovendringar denne våren som kravde ressursar og utvikling av systemstøtte til domstolane, mellom anna for å hindre at næringsdrivande blei slått konkurs.

Investering i utstyr

Pandemien har medført eit akutt behov for investering i teknisk utstyr. Det er lagt til rette for at alle medarbeidarane skal kunne arbeide heimanfrå ved at det har blitt skaffa 1000 berbare PC-ar og tilhøyrande heimekontorlisensar.

Det har blitt installert nærare 200 nye videokonferansesystem i løpet av året, dei aller fleste i rettssalar.

Dette har vore nødvendig for å kunne gjennomføre rettsmøte. Omlag 60 % av rettssalane har no tilgang til å nytte videokonferanse. I tillegg til utstyr fekk ein på plass virtuelle møterom som gjorde det mogleg å gjennomføre digitale rettsmøte. Hausten 2020 har det blitt gjennomført 400-600 virtuelle rettsmøte dagleg.

Ny arvelov tredde i kraft 1. januar 2021. Frå juni og ut året har DA og domstolane fått på plass nødvendige løysingar og digital systemstøtte for at saker skal kunne behandlast etter den nye lova når den trer i kraft. Andre utviklingsaktivitetar blei derfor i stor grad utsette, særleg i første halvår.

For å støtte domstolane under pandemien, blei følgjande aktivitetar prioriterte i første halvdel av 2020:

Etablering og innføring av ei løysing for elektronisk signatur. Løysinga blei innført i april 2020 for å kunne:

- Signere rettsavgjerder, rettsbøker og rettsforlik elektronisk
- Elektronisk postforkynning
- Sende elektronisk melding
- Tilby løysingar for elektronisk signatur på dokument frå eksterne



- Aktørportalen blei vidareutvikla og tatt i bruk av jordskiftedomstolane i saker under arbeid med profesjonelle aktørar i juni. Dette var ei forsering i høve til opphavelige planar.
- Ei løysing for hurtigmeldingar var etablert og blei tilpassa for å kunne fungere på fleire område for å lette digital kommunikasjon mellom domstol og ulike aktørar.

Gjennom heile 2020 har arbeidet for å effektivisere samhandlinga i straffesakskjeda vore prioritert. Arbeidet med å digitalisere prosessane rundt arv og dødsfall, mellom anna gjennom prosjektet «Oppgjør etter dødsfall» som er eit av satsingsområda til Regjeringa, har og vore prioritert.

I siste halvdel av 2020 er den opphavelige planen tatt i bruk. Vidareutvikling av både elektronisk samhandling gjennom Aktørportalen og forbetring av løysingar for digital informasjon og dokumentdeling har starta opp igjen.

Både domstolane sjølve, Riksrevisjonen og Domstolskommisjonen har peika på behovet for å forbetre prosessar og verktøy knytt til tidfesting (beramning) av saker i domstolane.

Hausten 2020 blei det gjennomført eit arbeid for å få god innsikt i kva for behov det er for endringar i prosessar, og eventuell etablering av nye digitale løysingar for å kunne effektivisere og forbetre tidfestingsprosessen. Dette arbeidet er no i sluttfasen. Målet er å kunne ha ein versjon 1.0 av ei ny og betre løysing på plass i løpet av 2021.

Elektroniske samhandlingsløysingar i straffesakskjeda

Elektronisk samhandling har vore eitt av satsingsområda for å effektivisere straffesakskjeda. Første fase av ESAS-prosjektet (Elektronisk Samhandling mellom Aktørane i Straffesakskjeden) blei starta i januar 2017 og slutta 31.12.2018.

Den første viktige leveransen i prosjektet var å utvikle og å ta i bruk Justishub som ny teknisk plattform for elektronisk samhandling mellom politi og påtalemynd, domstolane og kriminalomsorga. Justishub blei levert i september 2018.

Justishub er ei digital plattform som legg til rette for strukturert utveksling av informasjon og samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda. Dette aukar tryggleiken. Samtidig blir informasjonsforvaltninga og behandlinga av sensitive personopplysingar i og mellom verksemdene mindre sårbar.

Løysinga tilfredsstillar alle kjente faglege behov for informasjonsutveksling mellom aktørane som behandlar ulike delar av straffesaksprosessen. Ved etableringa av ESAS var det ein ambisjon å kunne etablere og ta i bruk éi og same tekniske løysing for heile straffesakskjeda, medrekna alle domstolsinstansane, høgare påtalemynd og særorgana i politiet.

Ved utgangen av 2018 var løysinga tatt i bruk i den elektroniske samhandlinga mellom politi og påtalemynd, tingrettane og kriminalomsorga.



For å kunne realisere målbiletet for den elektroniske samhandlinga i straffesakskjeda har det vore høgt prioritert at alle aktuelle instansar tar det i bruk. Det har også vore viktig for alle aktørane at arbeidet kunne vidareførast også utover 2018.

ESAS 2020

For budsjettåret 2020 løyvde Stortinget 30 millionar kroner til vidareføring av samarbeidet i straffesakskjeda gjennom prosjektet ESAS 2020. I tillegg løyvde både Politidirektoratet, Kriminalomsorgsdirektoratet og Domstoladministrasjonen midlar over eigne budsjett. Det sette fart på utviklingsarbeidet.

Gjennom 2020 har ESAS-prosjektet levert på mellom anna følgjande resultatmål:

- Kopla egne aktørar på Justishub («digitale dokumenter»)
 - Kripos
 - Økokrim
 - Den høgare påtalemyndighet (statsadvokatembetene og Riksadvokatembetet)
 - Lagmannsrettane
 - Høgsterett (blir gjennomført medio februar 2021)
- Digitalisert arbeidsprosessar og utvikla systemstøtte
 - Innsettelses- og løslatelsesordre frå politiet til kriminalomsorga
 - Melding om inn- og utgang frå varetekt og soning («Kripos-meldingar»)

Ei suksesshistorie frå domstolane

ESAS 2020-prosjektet kopla lagmannsrettane og statsadvokatembeta på Justishub 23. september 2020. Før lagmannsrettane blei kopla på Justishub, var situasjonen slik:

Altinn blei nytta som kommunikasjonskanal når den høgare påtalemakta anka dom i straffesak frå tingrettane.

Saksbehandlarar i lagmannsretten logga seg inn i Altinn for å laste ned straffesaksdokumenta frå påtalemakta til lokal disk. Ved å lese gjennom desse dokumenta, registrerte saksbehandlaren manuelt ny sak i fagsystemet til domstolane (Lovisa).

Registreringa inkluderte type anke, ankekrav, partar og andre aktørar m.m. Saksstyrande straffesaksdokument blei manuelt lasta inn i Lovisa for journalføring. Andre politidokument blei lagra på filserverar, tilgjengelege for domstolen.

Avgjerder blei sende frå lagmannsrettane til statsadvokatembeta per e-post. Avgjerdsdokument måtte kopierast frå Lovisa til lokal disk for å kunne inkluderast som



vedlegg i e-post. E-posten blei deretter lagra på lokal disk av saksbehandlar for manuell flytting til Lovisa med påfølgjande journalføring.

Lagmannsrettane si kopling til Justishub for mottak av anke over dom ga følgjande effektar:

- Anke over dom blir sendt direkte frå påtalemakta sitt fagsystem til domstolane sitt fagsystem Lovisa
- Ny ankesak blir automatisk registrert i Lovisa med type anke, ankekrav, partar og andre aktørar
- Dokumenta i saka blir gjort tilgjengelege direkte i Lovisa
- Saksbehandlar i lagmannsretten fokuserer på kontroll av ferdig registrert sak i staden for å bruke tid på manuell registrering
- Avgjerder frå lagmannsretten blir sende direkte frå domstolane sitt fagsystem til politiet sitt fagsystem via Justishub. Oversendinga blir automatisk journalført

Mange tidkrevjande, manuelle arbeidsoppgåver er fjerna frå lagmannsrettane. Samhandlinga via Justishub gir betra notoritet, raskare saksbehandling, auka rettstryggleik og betre personvern.

Dei seks lagmannsrettane mottar cirka 3 000 ankar over dom i straffesak årleg. Det er berekna at ein gjennomsnittleg sparer 30 minuttar per sak. Det gir ein årleg effektiviseringsgevinst på cirka 1 500 timar.

Sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess

Trass i den utfordrande situasjonen med koronapandemien, har det kontinuerlege arbeidet med forbetring av sentrale system også hatt høg prioritet i 2020. Gjennom eit tett samarbeid med driftsleverandørane er det blitt gjennomført mange små og store tiltak som skal sikre behova til domstolane i ein stadig meir digitalisert rettsprosess.

Tryggleik har fortsatt sterkt fokus. Dette har vore særleg viktig sidan alle medarbeidarane har måtta arbeide frå heimekontor i periodar. I løpet av året har alle medarbeidarane fått nye, moderne og sikre arbeidsstasjonar som kan brukast både heime og på kontoret.

Pandemien medførte også eit akutt behov for utstyr og løysingar for å kunne gjennomføre digitale rettsmøte. Desse løysingane kom på plass relativt raskt.

Tempoet i digitalisering av rettssalar har også auka. Totalt har 44 rettssalar blitt utstyrte etter ny standard. Dette inkluderer at alt teknisk utstyr i rettssalen blir oppgradert med lydanlegg, videokonferanse og visingsflater. Standarden er utvikla i tett samarbeid med AV-leverandøren Kinly AS, og har vist seg å vere godt eigna også for dei nye hybridmåtane som domstolane gjennomfører rettssaker på.



Bevisstgjøring - Nasjonal sikkerhetsmåned i 2020

Domstolane og DA deltok også i 2020 i kampanjen nasjonal tryggleiksmånad. Tematikken for kampanjen dette året var «bevisstgjøring».

Resultatet etter at kampanjen var gjennomført viser ein betydeleg nedgang i talet på tilsette som har gjennomført kampanjen. Talet er på om lag same nivå som i 2018. Det vil bli sett i gang tiltak for å auke motivasjonen og kompetansen innan informasjonstryggleik hos medarbeidarane. Dette er nødvendig for at vi skal kunne levere på samfunnsoppdraget vårt i ein stadig meir digitalisert verden.

Kvalitets- og organisasjonsutvikling

Ny domstolstruktur

Regjeringa valde å senda utgreiinga frå domstolskommisjonen om ny NOU 2019:17 ut til høyring saman med eit eige forslag til domstolsstruktur. Forslaget, også omtalt som rettskretsalternativet, innebar at ein følgde kommisjonsforslaget om å utvida rettskretsane for tingrettar og jordskifterettar, men at alle rettsstader skulle behaldast og vera bemanna. Stortinget vedtok dette alternativet med nokre justeringar i desember 2020

I arbeidet med domstolsstruktur har DA utarbeidd faglege innspel, utrekningar og annan dokumentasjon som kommisjonen og dei involverte departementa har bedt om. I tillegg til kontakten med departementa, har DA deltatt på høyringar og i møte med det politisk miljøet på Stortinget.

Legge til rette for systematisk kvalitetsutvikling

Den strategiske planen for domstolane (Domstolene 2025) viser retninga for arbeidet med kompetanseutvikling på overordna nivå. Kompetansebehovet til domstolane og dei føringane som styret har gitt, betyr mykje for kva slags kompetansetiltak som blir utvikla og tilbydd av Domstoladministrasjonen i samarbeid med kompetansekomiteane. Tiltaka blir evaluerte og forbetra kontinuerlig.

For å støtte dei viktigaste behova, blir kompetansetiltak for dommarar, dommarfullmektigar, leiarar og saksbehandlarar vidareførte innanfor same ramma som dei fire siste åra. I tillegg er det ei særskilt satsing på leiing, særleg i samband med omstillings- og nedbemanningsprosjektet. Vi legg også vekt på å utvikle og tilby konsept nasjonalt, som kan gjennomførast lokalt eller regionalt.

Fleire kompetansetiltak har blitt avlyste og utsette på grunn av koronapandemien. Mange tiltak er likevel gjennomførte digitalt, men då i ei noko anna form. Dette gjeld til dømes introduksjonsprogramma for dommarar og dommarfullmektigar.



Det blir lagt opp til auka bruk av digitale plattformer (videoløysingar) og digitale verktøy og metodar. DA prøver å få til involvering og ferdigheitstrening, også på digitale plattformer. Mellom anna har omlag 100 leiarar gjennomført leiartrening via spelteknologi i simulator.

Introduksjonsprogram for nye leiarar med personalansvar

Nye leiarar med personalansvar får tilbod om å delta i introduksjonsprogram for nye leiarar. Programmet går over fire modular. Deltakarane får ein introduksjon til leiing og leiarrolla. I 2020 blei det på grunn av koronapandemien ikkje gjennomført fysiske samlingar.

Utvikling av leiarteam

I 2020 blei programmet i endringsleiing («Ledelse av Utviklings- og Forbedringsprosesser (LUF)»), som blei starta våren 2018, avslutta. Dette programmet støtta og øvde leiarar i domstolane i å arbeide med endringar og utvikling i eiga verksemd. Dei fleste domstolane har no gjennomført programmet. Men nokre av dei siste modulane som skulle gjennomførast frå februar til mai, måtte avlysast på grunn av koronapandemien. Det deltok eit domstolsteam samansett av domstolsleiar, administrativ leiar og éin dommar eller saksbehandlar frå kvar domstol.

Å leie i omstilling

I lys av «Omstillings- og nedbemanningsprosjektet» har leiarar med personalansvar gjennomført dagsseminar i «Ledelse i omstilling», om rolla og styringsansvaret til leiaren, og effektiv leiing av omstilling.

Seminaret blei følgt opp med seminar om «Medarbeiderdialog under omstilling». Mange gjennomførte dette i 2020. Resten deltar i byrjinga av 2021. Då vil totalt omlag 200 leiarar ha deltatt.

Målet med tiltaka er å gi leiarane betre innsikt i kva omstilling betyr for leiarrolla, domstolen og medarbeidarane. Eit anna viktig mål er å gi tryggleik til å handtere dei mellommenneskelege utfordringane og det praktiske knytt til omstilling.

På grunn av koronapandemien er nokre tiltak gjennomførte fysisk og andre digitalt.

Strategiverktøy for leiarar

Digitalt verktøy for å bidra til å realisere «Domstolene 2025» er i år oppdatert og marknadsført ovanfor alle domstolsleiarane.



Introduksjonsprogram for nye dommarar og dommerfullmektigar

Nye dommarar gjennomfører eit introduksjonsprogram på fem modular i løpet av første året som dommar. I 2020 har 39 dommarar deltatt i modul 1, medan modul 2, 3, 4 og 5 blei avlyste på grunn av koronapandemien. Dei som ikkje deltok i 2020 deltar i 2021.

Nye dommarfullmektigar gjennomfører introduksjonsprogram på to modular. I 2020 blei det gjennomført ei fysisk samling på modul 1. Resten blei gjennomført som webinar på Virksomhetsplattformen.

Nitten deltok i den fysiske gjennomføringa av modul 1. På del to av webinarret var det 51 deltakarar. Til saman deltok 70 på modul 1. På modul 2 blei begge seminara gjennomførte digitalt med til saman 134 deltakarar.

Studiepermisjon for dommarar

Studiepermisjonsordninga inneber at dommarar i tingrettane, lagmannsrettane og jordskifterettane kan få ein måned studiepermisjon kvart fjerde år. Dette blir organisert av den enkelte domstolen. Studiepermisjon er eit verkemiddel for å heve dommarane sin kompetanse. Det er ikkje eit velferdstiltak. Det blir stilt krav til fagleg innhald og rapportering.

Det er høve til å søkje om studiepermisjon éin måned ekstra.

Etter søknad kan ein få dekka meirutgifter, til dømes reisekostnader og seminaravgifter i samband med permisjonane.

I 2020 var det til saman sju dommarar som fekk støtte til meirutgifter. Femten dommarar fekk etter søknad éin ekstra måned studiepermisjon.

Spesielt fokus på barnets beste i domstolen

Domstoladministrasjonen samarbeidde i 2020 med Barne- og familiedepartementet (BFD) om kompetansetiltak knytt til barn i domstolen. DA har også hatt noko kontakt med universitets- og høgskulemiljøa.

På grunn av pandemien blei tre regionale seminar for dommarar, advokatar og sakkunnige om temaet «Domstolsbehandling til barnets beste» avlyste.

Arbeidsgruppa «Fagteam barn» blir førebels vidareført fram til 31.12.2021. Frå hausten 2020 er det avdeling HR og kommunikasjon (HRK) som leier arbeidet med «Fagteam barn», men med tett samarbeid med Rettsavdelinga (RETT).



«Fagteam barn» starta i 2020 dialog med Bufetat om eit mogleg samarbeid om støtta og beskytta tilsyn. Intensjonen er at dialogen skal fortsetje i 2021.

Hausten 2020 sende «Fagteam barn» inn eit intensjonsbrev som stadfesta at Domstoladministrasjonen gjekk inn som partner i eit samarbeidsprosjekt om forskning på barn sin medverknad i domstolane. I desember 2020 blei det stadfesta at forskingsprosjektet hadde fått tildelt midlar. Det er ikkje avklart kva rolle Domstoladministrasjonen skal ha i dette prosjektet. «Fagteam barn» skal sjå nærare på det i 2021.

«Fagteam barn» har hausten 2020 sendt innspel til Justis- og beredskapsdepartementet til ein oppdatert handlingsrapport til ministerkomiteen i Europarådet om oppfølging av Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) sine storkammerdommar som gjeld barnevern.

DA oppretta hausten 2020 ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein digital nasjonal rettleiar for «arbeidsformer og saksbehandling i saker etter barnevernloven». Arbeidsgruppa hadde første møte i desember 2020. Rettleiaren er planlagt ferdig ved utgangen av juni 2021.

Mekling

Regionale seminar i rettsmekling

Det blei gjennomført sju regionale dagsseminar i rettsmekling. Den første delen var berre for dommarar. Hovudfokuset var korleis ein skal handtere krevjande situasjonar under mekling. Den andre delen var for advokatar og dommarar. Hovudfokus her var samspelet mellom dommar og advokat, og samtale om felles praksis i meklingsprosessen. Til saman deltok omlag 130 dommarar og 180 advokatar.

Bidrag til to mastergrader i mekling

I 2020 blei to dommarar uteksaminerte med mastergrad i «Konfliktmægling» ved Universitetet i København. Domstoladministrasjonen har dekkja delar av studieavgifta

Ekstra måned studiepermisjon – mekling

Tre dommarar har hatt ein ekstra måned studiepermisjon knytt til mekling.

Kompetanseløp for rettsmeklere

Ei arbeidsgruppe med representantar frå lagmannsrett, tingrett, jordskifterett og DA arbeider med å utvikle eit eige kompetanseløp for rettsmeklarar, med fokus på rettsmekling som fag. Målet er å auke talet på meklingar og betre kvaliteten på meklingane. Det er og eit mål å bidra til eit einskapleg rettsmeklingstilbod for brukarane.



Rettsmekling for jordskifterettane

Kompetansetiltaket Rettsmekling for jordskifterettane med seminar på to + ein dag blei vidareført i 2020. På grunn av koronapandemien blei opplegget berre delvis gjennomført. 17 jordskifterettar deltok.

Dommarseminar

Dommarseminaret 2020 blei avlyst på grunn av koronapandemien.

Dommarpodden

I 2020 blei det utvikla 12 episodar av «Dommerpodden», som primært er eit kompetansetiltak for dommarar. Tema har vore «EØS for dummies», «EØS II –Trygdesaken», «Inndragning», «Hva gjør en dom god», «Barnevern og retten til familieliv», «Domstolene i krisetid», «Krisehåndtering», «Bevistilgang i sivile saker», «Rettsikkerhet i koronaens tid», «Hatefulle ytringer», «Prejudisiell prøving av forvaltningsvedtak i straffesaker», «Norsk Chapter 11 – Rekonstruksjon» (om konkursrett).

Kompetansetiltak for saksbehandlarar og ingeniørar

I alt 1810 medarbeidarar har deltatt på ulike kompetansetiltak. Av desse deltok 1460 (både dommarar og saksbehandlarar) på webinar om ny arvelov. Dette blei gjennomført hausten 2020.

Saksbehandlarane fekk i 2020 tilbod om fleire fagseminar som for eksempel konkurs, straff, tvist, arv og skifte og offentlegheit i praksis. På grunn av koronapandemien fekk vi berre gjennomført konkurs, arv og skifte og tvist. Resten blei flytta til 2021. I tillegg blei det arrangert to program i Notarius publicus. Dette blei gjennomført som webinar.

Ein del saksbehandlarar og ingeniørar i jordskifterettane deltok på rettsmekling. Sjå punkt under «Mekling».

Seminaret om «Fremtidens saksbehandlerrolle i jordskifteretten» blei flytta til våren 2021. Det vil bli halde som korte webinar med aktuelle tema.

Faglitteratur og elektroniske rettskilder

Faglitteraturutvalet skal sikre at domstolane sitt behov for litteratur og elektroniske rettskilder blir dekkja best mogleg.

Elektroniske rettskilder er blitt meir funksjonelle og dekkjer betre dommarane sitt behov for oppslagsverk. Kostnadene med elektroniske rettskilder har auka mykje dei siste åra, noko som inneber at det no blir kjøpt inn svært få papirbøker. Men det er ein stor auke i tilgjengelege elektroniske bøker.



Utvikling av konsept som kan brukast lokalt i domstolane

Vi skal utvikle konsept og tiltak som kan brukast i domstolane og vere grunnlag for erfaringsdeling og læring på arbeidsplassen. Det gir nærleik til lokale og regionale utfordringar og praksis, og det er kostnadssparande ved at det ikkje blir arrangert sentralt. Domstolane kan søkje om økonomisk støtte til gjennomføring av tiltak.

Domstolar som nyttar slike nasjonale konsept, gir positiv tilbakemelding både på sjølve konseptet og tilbodet om slike konsept. Lokale initiativ kan og bidra til nasjonale satsingar.

Verksemdsutvikling med bistand frå ressursteam lokalt utviklingsarbeid (RLU)

Ressursteamet har særleg kompetanse og fokus på medverknadsbaserte prosessar i den enkelte tingretten. Formålet er å støtte det lokale arbeidet med å realisere «Domstolene 2025». For å synleggjere fokus har teamet i 2020 endra namn frå «Ressursteam KRUT» til «Ressursteam lokalt utviklingsarbeid» (RLU). Ressursteamet består av medarbeidarar frå både domstolane og DA.

Totalt seks domstolar (tingrettar og jordskifterettar) ønskte bistand i 2020. Prosessar ved fire av domstolane blei utsette til 2021 på grunn av pandemien, medan tre prosessar i to domstolar blei gjennomførte.

Ressursteamet har arbeidd med å få på plass verktøy slik at ein kan hjelpe domstolane på digitale arenaar.

Kompetansetiltak i domstolane

Til vanleg arrangerer domstolane eigne tiltak og aktivitetar for å betre kompetansen til medarbeidarane. Dette er aktivitetar som fagdagar, faglege treff og seminar saman med andre aktørar. I 2020 har tiltaka primært vore retta mot digital kompetanse for å oppretthalde saksavviklinga.

Kompetanseutvikling i DA

Det er gjennomført totalt ni kompetansetreff gjennom året. 30 nye kollegaer i Domstoladministrasjonen har gjennomført introduksjonsprogrammet for nye tilsette.

«DA-dagen» blei arrangert virtuelt på Virksomhetsplattformen 11. desember. Fokuset denne dagen var på kva som skjer i DA og domstolane, og kva vi er stolte over å ha fått til i 2020. Gjennomføringa var vellukka og med høg deltaking. Det var spenstige og gode innslag frå alle avdelingane.



Rekruttere kvalifiserte dommarar

Innstillingsrådet for dommarar (IR) er eit uavhengig forvaltingsorgan som har ansvaret for rekrutteringsprosessen for dommarar. DA er sekretariat for IR, og skal bidra til ein smidig og effektiv prosess. I tillegg yter DA bistand til IR med korttidskonstitusjonar opptil eit halvt år. Året 2020 blei eit svært hektisk og annleis år for IR. Koronasituasjonen sette også sitt preg på verksemda til IR. Situasjonen medførte at alle intervju og møte i IR blei gjennomførte digitalt frå april.

I revidert nasjonalbudsjett (RNB) blei det løyvd pengar til ekstra dommarstillingar på grunn av koronapandemien. I løpet av juni og juli blei det derfor konstituert 29 dommarar for å hjelpe til med saksavviklinga fram til jul. I tillegg blei det lyst ut 35 konstitusjonar på eitt til to år. Desse skulle tiltre frå januar 2021. Desse stillingane som kom som følge av koronapandemien, kom i tillegg til dei ordinære stillingane som blir lyste ut i løpet av eit år. 2020 har derfor vore eit svært hektisk år både for IR og for DA som sekretariat for IR.

Utneemde dommarar i 2020

Faste embeter	2020
Domstolleiarar alminnelige domstolar	0
1. instans. ekskl. domstolleiar	16
2. instans. ekskl. domstolleiar	15
Noregs Høgsterett	1
Domstolleiar jordskiftedomstolen	1
Jordskiftedommarar, ekskl. domstolleder	1

Det er konstituert 44 dommarar i 2020 fordelt slik:

		Domstolleiar	Dommar
2. instans	kst. kgl. Res	0	16



	kst. av IR	0	0
1. instans	kst. kgl. Res	0	16
	kst. av IR	4	6
Jordskifte	kst. kgl. Res	0	1
	kst. av IR	1	0
Totalt		5	39

Kompetansen til jordskiftelagdommarane

Fleire avgjerder i Høgsterett har vist at kompetansen til jordskiftelagdommarane er uklar. Domstoladministrasjonen sette derfor i august 2020 ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å greie ut og fremje forslag til lovendingar med tilhøyrande grunngiving som klargjer kompetansen til jordskiftelagdommarane.

Arbeidsgruppa var samansett av representantar for jordskiftelagdommarane og førstelagmennene. Resultatet av arbeidet til arbeidsgruppa er konkrete forslag til endringar i jordskiftelova, domstolslova og skjønnsprosesslova.

Utgreiinga legg til grunn at forslaget til lovendingar vil innebere ei betre utnytting av eksisterande ressursar og kompetanse i lagmannsrettane.

Utgreiinga blei lagt fram for styret i Domstoladministrasjonen på styremøtet i desember. Der blei det vedtatt å sende utgreiinga til Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD). Det blei også vedtatt å innleie samtaler med departementa om korleis dette arbeidet skal følgjast opp vidare.

Saksbehandlingstid i jordskifterettane

Jordskifterettane har alltid registrert resultatet av verksemda ved hjelp av ulike indikatorar. Men det har aldri vore sett særskilte krav til saksbehandlingstid i jordskiftedomstolane.

Saksbehandlingstida i jordskifterettane er lang. Dette gjer jordskifterettane mindre relevante og attraktive som problemløysarar. Spørsmålet om det skal setjast mål for saksbehandlingstid har også vore oppe til vurdering tidlegare, men det blei utsett i påvente av at det skulle innførast ny jordskiftelov og nytt saksbehandlingssystem.

Det er no fem år sidan den nye lova tredde i kraft. Det har derfor blitt vurdert på ny om det skal fastsetjast måltal for saksbehandlingstid i jordskifterettane.



Styret for Domstoladministrasjonen vedtok på styremøtet i juni at målet for den gjennomsnittlige saksbehandlingstida skal setjast til 9 månader for rettsfastsetjande saker og 15 månader for rettsendrande saker.

Målet for saksbehandlingstid omfattar ikkje tid som går med til merking av grenser etter Finnmarkslova § 45 og vernesaker med heimel i jordskiftelova § 4-2 bokstav f.

Definisjonen av saksbehandlingstid blir endra og skal heretter reknast frå kravet om sak er journalført til dato for siste avgjerd i saka, minus tida som har gått med til anke (ved førehands anke), forvaltingsmessig behandling og stansing av saka.

Styret føresette også at mål for saksbehandlingstid i jordskifterettane må forankrast i Prop. S 1.

Domstolanes rekneskaps- og lønnsseksjon (DRL)

Etableringa av domstolanes rekneskaps- og lønnsseksjon (DRL) vart fullført våren 2020, og vart som planlagt sett i drift i mai. DRL har i 2020 tatt over økonomioppgåvene for dei alminnelege domstolane i lagdømme Frostating, Hålogaland og Gulating. I DRL samlast oppgåvene i eit fagmiljø, der oppgåvene blir utførte etter ein standard. Ved overføringstidspunktet gir enkelte domstolen frå seg den ressursar tilsvarande den årsverksandelen som økonomioppgåvene utgjorde i domstolen.

DRL aukar kapasiteten (talet på medarbeidarar) i takt med overføring av oppgåver frå domstolane. I 2021 overtar DRL økonomioppgåvene frå alle domstolane inkluderte jordskifterettane.

Rettspolitisk arbeid

Regelverksutvikling under pandemien

På bestilling frå Justis- og beredskapsdepartementet la Domstoladministrasjonen 13. mars 2020 fram dei første innspela til regelverksendringar i prosesslovgivinga på bakgrunn av den situasjonen som låg føre. I tida etterpå hadde Domstoladministrasjonen kontakt med både Justis- og beredskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet og representantar for domstolane om behovet for mellombelse tilpassingar i prosessregelverket som følge av koronapandemien.

Domstoladministrasjonen sine oppgåver i regelverksarbeidet gjekk dels ut på å fange opp behova til domstolane, dels å gi departementet statistiske tal og grunnlagsmateriale, faglege vurderingar, innspel og konkrete regelendringsforslag. I tillegg blei det fortløpande gitt høyringsuttaler. Alt blei gjort innanfor korte fristar. I grove trekk handla regelverksarbeidet i Domstoladministrasjonen under koronapandemien om følgjande tema:



- Utvida bruk av fjernmøte og fjernavhør
- Utvida høve til skriftleg behandling av straffesaker
- Mellombelse signaturløysingar for rettsavgjerder, rettsforlik og rettsbøker, kombinert med reglar om avseiing av rettsavgjerder
- Mellombels høve til å bestemme at det ikkje skal brukast rettskappe under ankeforhandling i Høgsterett
- Utvida høve til skriftleg behandling i saker for jordskifteretten og ved anker over avgjerder i jordskifterettane
- Utvida høve til å seie tilståingsdom i tingretten
- Justering av reglar om trekningskretsar for meddommarar
- Justering av reglar om tilkalling av meddommarar
- Presiserande og utvidande reglar om elektronisk forkynning, og høve til telefonisk forkynning av dokument
- Utvida høve til å overføre saker mellom sideordna domstolar
- Heimel for å strøyme rettsavgjerder
- Utviding av funksjonstida til dommarfullmektigar, og høve til å opprette dommarfullmektig I-stillingar i alle tingrettane

De fleste innspela som kom frå Domstoladministrasjonen og/eller domstolane blei følgde opp av Justisdepartementet. Nokre få innspel blei ikkje prioriterte eller ikkje følgde opp av departementet av andre grunnar.

I august 2020 la Domstoladministrasjonen, mellom anna på bakgrunn av innspel frå domstolane, fram ei vurdering for Justis- og beredskapsdepartementet om behovet for vidareføring av dei mellombelse reglane.

Etter dette har Domstoladministrasjonen deltatt i eit innspelsmøte saman med andre aktørar der temaet var å identifisere kva for mellombelse reglar som bør bli permanente.

Anna regelverksutvikling

Som eit ledd i Domstoladministrasjonen sitt digitaliseringsarbeid blei det tidleg i 2020 tatt opp med Justis- og beredskapsdepartementet å endre tidspunktet for advokatane si registreringsplikt i Aktørportalen. Innspellet blei følgd opp av departementet i eit høyringsnotat som blei sendt på høyring i oktober 2020. I det same høyringsnotatet følgde departementet også opp eit tidlegare innspel frå Domstoladministrasjonen om å fjerne høvet til å avbryte fristar gjennom postsendingar når det er obligatorisk å kommunisere elektronisk med domstolane.

Justisdepartementet har arbeidd med modernisering av straffeprosesslova, ei oppfølging av Straffeprosesslovutvalet si utgreiing NOU 2016:24.

Domstoladministrasjonen har medverka i dette arbeidet med statistiske tal, grunnlagsmateriale og faglege innspel, både skriftleg og ved å delta i eit arbeidsmøte.



Domstoladministrasjonen har koordinert tilbakemeldingar og innspel til departementet frå representantar for domstolane.

I tillegg til arbeidet med å implementere ny arvelov som tråtte i kraft 1. januar 2021, har Domstoladministrasjonen hatt innspel til Justis- og beredskapsdepartementet om innhaldet i ny forskrift. Domstoladministrasjonen har også koordinert tilbakemeldingar og innspel frå representantar for domstolane.

På bestilling frå Justis- og beredskapsdepartementet har Domstoladministrasjonen vurdert staten si plikt til å kunngjere konstitusjonar som ekstraordinær lagdommar offentleg. Domstoladministrasjonen har også vurdert behovet for regelendringar og sett fram eit forslag til alternativ lovregulering på dette området.

Betre og meir effektiv straffesaksbehandling i domstolane

Ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå tingrettane, lagmannsrettane, Den høgare påtalemakta, privatpraktiserande advokatar og Domstoladministrasjonen la i januar 2020 fram ei tilråding om «Bedre og mer effektiv straffesaksbehandling i domstolene».

I tillegg til ei generell tilråding, la arbeidsgruppa fram felles retningsliner for behandlinga av straffesaker for tingrettane, og tilsvarende retningsliner for lagmannsrettane, og malar for planmøte og tidfestingsbrev (berammingsbrev) med meir.

Domstoladministrasjonen var representert i arbeidsgruppa og hadde også sekretariatsfunksjonen for arbeidet.

Det rettspolitiske arbeidet i 2020 blei frå mars av sterkt prega av koronapandemien. Det blei utført eit omfattande arbeid for å leggje til rette for at domstolane skulle kunne utføre dei samfunnskritiske funksjonane sine og oppretthalde verksemda så langt som mogleg. Samtidig måtte dei ulike smitteverntiltaka gjennomførast.

Det var eit kontinuerleg samarbeid mellom Domstoladministrasjonen og representantar for domstolane.

I tillegg hadde Domstoladministrasjonen jamleg kontakt med påtalemakta, Justis- og beredskapsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet med fleire. Dette arbeidet var særleg intensivt dei første månadene etter at den første nedstenginga blei gjennomført.

Ved sida av arbeidet med ny domstolsstruktur, har Domstoladministrasjonen gått gjennom og vurdert kva for mogelegheiter som finst for å nytte eksisterande reglar i prosessregelverket for å kunne utnytte ressursane betre på tvers av domstolane.

Den faglege gjennomgangen viste at desse mogelegheitene ikkje er eit fullgodt alternativ til strukturendringar, men at dei kan avhjelpe enkeltstående, kortsiktige og mellombelse behov for overføring av saker eller deling av ressursar mm.



Openheit og tillit

Informasjon og tilgjengelegheit

Målet for kommunikasjonsarbeidet i domstolane er å støtte opp om domstolane sin tillit i samfunnet. For å oppnå dette arbeider vi med openheit. Aktørane i domstolane skal bli kjende med rettane og pliktene sine, og innbyggjarane skal vite korleis domstolane fungerer.

Sosiale media (Facebook, Twitter, LinkedIn)

Facebook er ein viktig kanal for domstolane når det gjeld å nå ut til innbyggjarane med opplysing om verksemda til domstolane. Videoar som blei laga i samband med Rettens dag 25. oktober, og innlegg som blei skrivne i samband med stortingsvedtaket om nye rettskretsar, har engasjert spesielt mange følgjarar. Domstoladministrasjonen bruker også Twitter for å dele relevante nyhende og lenker. I tillegg bruker vi LinkedIn for å spreie ordet om ledige stillingar i domstolane og aktuelle nyheitssaker som er aktuelle for denne kanalen.

Vi har fleire følgjarar i sosiale media:

Facebook: 4 554 følgjarar

Twitter: 5125 følgjarar

LinkedIn: 2455 følgjarar

Domstol.no

Domstol.no er den viktigaste informasjonskanalen vår. Det skal vere enkelt for brukarane å finne informasjon på nettsidene. Alle domstolane har egne nettsider under portalen domstol.no. Målgruppene for nettstaden domstol.no er domstolane sine brukarar og faste aktørar i tillegg til skuleelevar, studentar og det rettssøkjande publikum.

Innstillingsrådet, Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark og Tilsynsutvalet har også egne nettsider.

Tidfestingslistene (berammingslistene) til domstolane blir lagt ut på domstol.no. I tillegg har pressa tilgang til desse listene på egne pressesider.

Om «Dette skjer i domstolene»

I august 2020 starta kommunikasjonsseksjonen satsinga «Dette skjer i domstolene» på domstol.no. Dette er eit utval saker frå dei forskjellige domstolane rundt om i landet, og lista blir publisert kvar veke.

Lista inneheld 15-20 utvalde saker frå tingrettane og lagmannsrettane. Målet er å opplyse allmenta og pressa om kjerneverksemda til domstolane. Sidan starten i august har listene hatt mellom 800 og nærare 4000 sidevisingar, og mange media har bede om å få lista tilsendt kvar veke.

Rett på sak



Papirmagasinet «Rett på sak» kom ikkje ut i 2020. I ei brukarundersøking mellom medarbeidarane i domstolane svarte cirka halvparten at dei syntest at det var greitt å ha ei digital utgåve. Derfor har vi valt å avslutte «Rett på sak» på papir, og heller gå over til å publisere sakene digitalt.

Nynorsk i malane til domstolane

Ei ressursgruppe har gjennomført oppdraget «Nynorsk i Lovisa-malane».

Målet med oppdraget var at malar, brev og rettleiingar i Lovisa på sikt skal få eit godt, einskapleg og konsekvent språk, og at medarbeidarane i domstolane og DA opplever god kultur for å skrive nynorsk.

Formålet var å leggje til rette slik at dei som mottar brev og rettleiingar på nynorsk, opplever at språket er forståeleg og klart. At mottakaren forstår rettane og pliktene sine er med på å sikre rettstryggleiken.

Oppdraget skulle gjere tilrådingar om val av ord og uttrykk tilgjengelege for medarbeidarane i domstolane og initiere eit kompetansetiltak som er med å byggje kultur og begeistring.

Resultatet er skrivereglar for lovisamalane, ei diskusjonsgruppe for spørsmål og svar om nynorsk, og ferdige planar for kompetansetiltak om nynorsk som rettspråk og arbeidsspråk.

Dommarane si mediegruppe

Dommarane si mediegruppe er eit samarbeid mellom Dommarforeininga, Domstoladministrasjonen og enkelte dommarar. Grappa består av dommarar som er tilgjengelege for journalistar som ønskjer kontakt. Dommarane i grappa kan hjelpe media når det er behov for uttaler eller forklaringar frå ein dommar. Utgangspunktet er eit ønske om å bidra til openheit og auka kunnskap om domstolane hos allmenta.

Intranett - i koronatider

Intranettet til domstolane og DA for 2026 medarbeidarar, bar også preg av koronaåret 2020.

To av dei tre mest besøkte informasjonssidene var spesiallaga med koronainformasjon.

- Koronaviruset (28 500 besøk) Formål: Informasjon om dagleg drift i domstolane og DA.
- Driftsmeldingar (18 900) Formål: Orienterer om ulike endringar og justeringar.
- Korona HUB (16 500 besøk). Formål: Informasjon og faglege verktøy for å avvikle saker.

Dei nyheitene som blei lesne mest var også resultat av koronapandemien:

- Rettsmøte på video – praktisk gjennomføring (2106 besøk)



- Erfaringar og vegleiar for videomøte (1783 besøk)
- Videomøterom og heimekontor (1639)
- Løysing for elektronisk signatur er på plass (1583 besøk)

I 2020 hadde intranettsidene nærare 1,5 millionar besøk, og kvar brukar besøkte sidene i gjennomsnitt 485 gonger. Lokalt og sentralt blei det publisert 660 nyhende. Desse hadde over 350 000 sidevisingar.

Oppslagsverket «Dommerhåndboka» blei revidert av Vestfold tingrett. Området for felles vegleiarar (16 600 besøk i 2020) fekk nytt innhald med «Felles retningslinjer for straffesaker i tingrett og lagmannsrett». Sidene «Omstilling» som mellom anna har sørga for informasjon til domstolsleiingane, har hatt 15 000 sidevisingar.

«Med intranettet skal vi forenkle arbeidsdagen vår, dele kunnskap og utvikle samarbeidsformer som gir oss meirverdi og arbeidsglede».

Etter ei tid med mykje intern koronainformasjon skapte «Sommerpraten» gjennom juni og juli leseglede for brukarane på intranett. Det var opp mot 1200 lesarar på kvart intervju.

I 2020 hadde intranettsidene nærmere 1,5 millioner besøk, og hver bruker besøkte sidene i gjennomsnitt 485 ganger. Lokalt og sentralt ble det publisert 660 nyheter, som hadde i overkant av 350 000 sidevisninger.

Oppslagsverket «Dommerhåndboka» ble revidert av Vestfold tingrett. Området for felles veiledere (16 600 besøk i 2020) fikk nytt innhold med «Felles retningslinjer for straffesaker i tingrett og lagmannsrett», og sidene «Omstilling», som blant annet har ivaretatt informasjon til domstolledelsene, har hatt 15 000 sidevisninger.

Meddommervalet 2020

Meddommarar og skjønnsmedlemmer blir vald kvart fjerde år. Ein ny periode skulle starta 1. januar 2021 og nye meddommarar skulle derfor veljast i 2020.

Sjølv om domstolslova har klare reglar for prosess og fremdrift, var det ein del forseinkingar i prosessen. Dette baud tidvis på utfordringar for domstolane ved beramming av saker som skulle gå av stabelen i 2021. Erfaringsmessig var likevel ikkje desse fristoverskridelsene verre enn ved meddommarvalet i 2016.

Sidan førre meddommarval er den elektroniske portalen for innrapportering av meddommarar forbetra.

Det førte til færre problem for brukarane enn tidlegare år. Det var òg laga eigne informasjonssider for kommunalt tilsette som skulle rettleia dei som arbeidde med



meddommarvala gjennom heile prosessen.

Tilbakemeldingane frå brukarane av sidene var svært positive, men erfaringa er at det kan vera vanskeleg å nå fram til rette vedkomande med informasjonen.

Situasjonen på grunn av koronapandemien gjorde at det ikkje var tilrådd for domstolane å halda samlingar for dei nyvalgte meddommarane. Det vart i staden utarbeidd informasjonspakkar som domstolane kunne tilpassa til sin eigen domstol, og nytta i kontakten med meddommarane.

År med meddommarval er krevjande både for DÅ og domstolane. Kommunane har eit stort behov for råd og bistand både av juridisk, praktisk og teknisk art. Ressursane som kan setjast av til denne typen bistand er avgrensa.

Vitnestøtte

Domstoladministrasjonen har inngått avtale med Noregs Røde Kors om vitnestøtte i norske domstolar.

Eit vitnestøtte er ein frivillig person som tilbyr medmenneskelig støtte og praktisk informasjon til vitne når dei kjem til domstolen.

Ved utgangen av 2020 hadde 42 tingrettar og alle lagmannsrettane vitnestøtteordning. Mange av domstolane tilbyr vitnestøtte òg i sivile saker. Det gjeld stort sett i saker etter barnevernslova og barnelova.

«Eit trygt vitne er eit godt vitne» er slagordet til vitnestøtte. Tanken bak er at eit vitne som har fått god informasjon om det som skal skje i retten, og hatt nokon å snakka med, kan konsentrera seg betre om forklaringa si. Trygge vitne som gir frå seg ei god forklaring gir retten eit betre grunnlag for avgjerda si.

På grunn av koronapandemien har aktiviteten for vitnestøttene vore lågare enn normalt. På grunn av smitteverntiltak har færre menneske opphalde seg i lokala til domstolane, og det har vore auka bruk av fjernavhør av vitne.

Internasjonalt arbeid

Domstoladministrasjonen skal halde norske domstolar oppdaterte på relevant internasjonal utvikling. Dette følgjer av mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid 2015-2021 som er vedtatt av styret for Domstoladministrasjonen.

Domstoladministrasjonen skal også medverke til å gjennomføre norsk utanrikspolitikkk på justisfeltet gjennom internasjonalt rettsbyggjande arbeid, hovudsakleg ved deltaking gjennom EØS-midla og ved medverknad til domstolsreformer på Vest-Balkan.

Det rettsbyggjande arbeidet blir finansiert utanfor det ordinære budsjettet til Domstoladministrasjonen.



På grunn av koronapandemien blei alt internasjonalt arbeid i 2020 gjennomført utan fysiske møte og utan opplæring.

European Network of Councils for the Judiciary

Domstoladministrasjonen arbeider aktivt som observatør i European Network of Councils for the Judiciary (ENCJ) og deltar kvart år i to av arbeidsgruppene i nettverket.

I fleire år har Domstoladministrasjonen deltatt i prosjektet «Independence, accountability and quality of the judiciary». Prosjektet har utarbeidd kriterium og henta inn informasjon om korleis domstolane i ulike land er uavhengige og ansvarlege.

Noreg gjer det godt på mange område, men langt frå på alle. Det står meir om undersøkinga i del 2 av rapport om internasjonalt arbeid i Domstoladministrasjonen, behandla i styremøtet for november 2020.

<https://www.domstol.no/globalassets/upload/da/domstol.no/domstoladministrasjonen/om-domstoladministrasjonen/styret/styremoter-2020/16.-november/da-sty20-sak-103-redegjorelse-for-das-internasjonale-arbeid-2020.pdf>

Domstoladministrasjonen har også deltatt i prosjektet «Public confidence and the image of Justice». Begge prosjekta har rapportert til ENCJs generalforsamling.

Den Europeiske Kommisjonen for Effektivitet i Rettspleia

Domstoladministrasjonen er norsk medlem i den Europeiske Kommisjonen for Effektivitet i Rettspleia (CEPEJ) i Europarådet. CEPEJ publiserer annakvart år ein rapport med evaluering av europeiske rettssystem. Den siste rapporten kom i oktober 2020.

Europarådet sitt HELP-program

DA deltar i Europarådet sitt HELP-program. Dette fokuserer på kompetansearbeid hovudsakleg retta mot den europeiske menneskerettskonvensjonen.



Samarbeid mellom dei nordiske landa

Det er eit utstrakt samarbeid på domstolsområdet mellom dei nordiske landa. Mellom anna møtest dei nordiske administrasjonane for domstolane årleg, og nordiske dommarar møtest gjennom SEND-seminara.

Studiebesøk

Domstoladministrasjonen mottar jamleg studiebesøk frå domstolar i andre land, og DA hjelper norske domstolar i samband med studiebesøk til utanlandske domstolar. På grunn av pandemien var det nesten ingen slik aktivitet i 2020.

Rettsbyggjande arbeid

Det rettsbyggjande arbeidet er konsentrert om EØS-midla og domstolane i Vest-Balkan. Deltaking i prosjekt knytt til rettsbyggjande arbeid skal finansierast utanfor domstolane sitt ordinære budsjett.

EØS-midla

Noreg har sidan EØS-avtalen blei inngått, etter avtale med EU, medverka til sosial og økonomisk utjamning i EU gjennom EØS-midla. Dette er fleirårige program med ei budsjettramme på cirka 2,8 milliardar euro.

Justissektoren er eit prioritert område for EØS-midla. I perioden 2009-2014 blei norske faginstansar direkte involverte som programpartnarar. Domstoladministrasjonen var då programpartnar for domstolsprogramma i Litauen, Polen og Romania.

For programperioden 2014-2021 er DA programpartnar saman med Justis- og beredskapsdepartementet, Politidirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet i justisprogrammet i Litauen og Romania, og som partnar aleine i Kroatia. I tillegg er Domstoladministrasjonen prosjektpartnar i tre prosjekt under justisprogrammet i Bulgaria.

I 2020 samarbeidde ein med mottakarlanda i å utvikle innhaldet i dei nye programma. Avtalene mellom Noreg og mottakarlanda har gjennomgåande fokus på styrking av europeisk domstolskultur, mellom anna ved betre implementeringa av den Europeiske Menneskerettskonvensjonen (EMK) og EU-lovgiving.

I 2020 vedtok styret for Domstoladministrasjonen at norske domstolar ikkje skal delta i programmet for Polen på grunn av den systematiske svekkinga av sjølvstendet til polske domstolar. Vedtaket fekk stor merksemd både i Polen og Noreg.

Domstoladministrasjonen har tilsett to medarbeidarar som skal utføre arbeidet som programpartnar. Arbeidet blir finansiert av midlar frå Financial Mechanism Office i Brussel, organet som er sett til å forvalte EØS-midla. Frå 1.1.2021 er også ein prosjektkoordinator på plass i Domstoladministrasjonen.



Domstoladministrasjonen arrangerte i 2020 to multilaterale webinar med mottakarland i EØS-programma. Det første webinarret var i juni. Det var om korleis domstolane i Noreg, Kroatia, Litauen og Romania handterte Covid-utfordringane. Webinarret i desember var om tilståingssaker og forenkla straffeprosessar i Noreg, Litauen og Kroatia.

Vest-Balkan

Domstolane i Noreg har i lang tid støtta regionen Vest-Balkan med rettsbyggjande arbeid. I 2018 inngikk Domstoladministrasjonen ei ny treårig avtale med Utanriksdepartementet om regional hjelp til domstolsreform på Vest-Balkan. Hovudfokuset er å auke effektiviteten og kvaliteten i domstolane.

I 2020 blei det mellom anna gjennomført regionalt webinar om samanhengande rettsmøte. Ei arbeidsgruppe presenterte både hinder og mogelegheiter for å få til noko tilsvarande i landa på Vest-Balkan. Leiinga av domstolane i Vest-Balkan kan gjennom programmet diskutere korleis domstolane i regionen kan utviklast.

Domstoladministrasjonen har også deltatt som partner i eit domstolsprosjekt i Bosnia-Herzegovina, mellom anna saman med domstolsrådet i Nederland. Prosjektet fokuserte på betring av kvalitet og gode system for utnemning og forfremming av dommarar. Domstoladministrasjonen har også hjelpt til i eit prosjekt for å få til eit betre saksbehandlingssystem for domstolane og påtalemakta i Kosovo.



IV. Styring og kontroll i verksemda



Styret sitt arbeid i 2020

Styret er øvste styresmakt for Domstoladministrasjonen. Styret skal passe på at administrasjonen av domstolane er forsvarleg og formålstenleg. Styret skal behandle saker som er viktige for DA. Dette omfattar mellom anna budsjettforslag for domstolane og DA, og fordeling av budsjettmidlar innanfor rammer som er fastsette av Stortinget.

Styret skal i tillegg gi generelle retningslinjer for verksemda til DA. To av medlemmene er valde av Stortinget og skal representere allmenta. Dei andre medlemmene er oppnemnde av Kongen i statsråd. Medlemmene har personlege varamedlemmer.

I 2020 har styret i alt hatt 12 møte; sju ordinære og fem ekstraordinære. Fysiske styremøte blei gjennomført 24.-25. februar i Trondheim og 15.-16. juni i Oslo. Dei resterande møta har vore på den digitale plattformen til domstolane. Dei ekstraordinære møta kom til som følge av pandemihandteringa. Men også mykje av tida i dei ordinære møta har vore brukt til problemstillingar rundt pandemien.

Styret har gjennomført møte med Justiskomiteen, Den norske Dommerforening, Riksrevisjonen og Innstillingsrådet. Det har også vore gjennomført eit årleg møte med rådet i den nederlandske domstoladministrasjonen. I samband med politisk behandling av framtidig domstolsstruktur har styreleiaren representert DA ved høyringa i Stortinget. Styreleiaren har vore til stades ved dei digitale leiardialogmøta med domstolsleiarar i 2020.

» Les saksframlegg og styreprotokollar frå styremøtane her:

<https://www.domstol.no/domstoladministrasjonen/styret/>



HMS og arbeidsmiljø

Totalt sjukefråvær for domstolane og Domstoladministrasjonen samla var 4,1 prosent for 2020 (4,3 prosent 2019). Dei siste tre åra har fråværet vore stabilt (4,1 prosent 2018).

Totalt sjukefråvær for 2020:

- Lagmannsrettane: 3,0 prosent (3,1 prosent 2019)
- Tingrettane 4,5 prosent (4,7 prosent 2019)
- Jordskifterettane 2,9 prosent (3,5 prosent 2019)
- DA 4,0 prosent (4,3 prosent 2019)

Trenden er positiv hos alle. Hovudarbeidsmiljøutvalet (HAMU) for domstolane og DA følgjer sjukefråværsutviklinga og behandlar årsrapporten innan «HMS og arbeidsmiljø» og «Sikkerhet og beredskap».

På grunn av koronasituasjonen blei fysisk samling i HMS grunnopplæring utsett til 2021. Tema er psykososialt arbeidsmiljø og konflikt og konflikthandtering. HMS e-læringa er tilgjengeleg. Pandemien har medført at fleire manglar godkjent HMS grunnopplæring.

Hovudverneombodet har oppretta digitale samarbeidsmøte med dei lokale verneomboda.

I HMS-rapporteringa for 2020 oppgir

- 94 prosent av domstolane at dei har all HMS-dokumentasjonen på plass i samsvar med internkontrollforskrifta
- 96 prosent at dei nyttar rutine for avvik- og avvikshandtering
- 50 prosent at dei er knytt til ei godkjend bedriftshelseteneste (BHT), og 36 domstolar at dei ikkje ønskjer slik tilknytning
- 41 prosent at sjukefråværet er uendra for 2020 (mot 2019), og 35 prosent at dei har ei positiv utvikling, medan 23 prosent oppgir negativ utvikling
- 20 prosent at det har kome truslar mot domstolen, medarbeidarar eller andre aktørar, noko som er ein nedgang på 15 prosent mot 2019. Auka bruk av digitale rettsmøte og tenester verkar truleg inn på resultatet

Av HMS-relaterte avvik oppgir

- 74 prosent ingen avvik
- 26 prosent at det har vore 1-3 avvik.

Sjå elles avsnittet om «Sikkerhet og beredskap».



Eit hovudtrekk som vil påverke HMS-arbeidet i 2021 er koronasituasjonen og nye rettskretsar.

Det blir oppgitt at smittevernarbeidet tar alle ressursane i HMS-arbeidet til dømes:

- Å sikre forsvarleg smittevern i rettssalar/rettsmøte
- Auka digital kompetanse og opplæring
- Skape samhald og godt arbeidsmiljø i tider der ein må halde avstand
- Verknader og konsekvensar ved langvarig bruk av heimekontor
- Ivareta fysisk og psykisk helse

Vidare blir det oppgitt følgjande utfordringar for 2021:

- sikre involvering/ivaretaking og arbeidsmiljøet knytt til nye rettskretsar,
- førebu tettare samarbeid med nabodomstolar,
- risikovurderingar (aleinearbeid, feltarbeid, vald/truslar, bistand BHT),
- tryggleiksarbeid (soneskilje, øvingar),
- seminar vald/truslar,
- vernerundar,
- tryggleik i feltarbeidet,
- brannvern- og førstehjelpskurs,
- sjukefråværsarbeid (arbeidsgruppe m/tiltaksrapport),
- inneklima,
- HMS-revisjonar og dokumentasjon,
- arbeidsmiljøkartlegging, endring og mestringsstrategiar (BHT),
- arbeidsbelastning og ressursmangel,
- skape helsefremmande arbeidsplassar.

2020 var det året HMS og arbeidsmiljø blei sett på prøve gjennom pandemien, og å sikre eit forsvarlig smittevern både i og utanfor rettssalane.

Vi har fått på plass veldig mykje innan smittevernarbeidet. Og vi har tatt kvantesprang når det gjelder å tileigne oss auka digital kompetanse og nye arbeidsformer hurtig. Vi har stått saman i ei vanskeleg tid, og vi skal vere stolte over innsatsen.

Mangfald, lærlingar, likestilling og diskriminering

I samsvar med Likestillings- og diskrimineringslova §26a har statlege arbeidsgivarar frå 2020 fått utvida plikt til å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda, og kva verksemda gjer for å oppfylle aktivitetsplikta.

Å behandle alle menneske som likeverdige er ein grunnleggjande del av domstolane sitt idé- og verdigrunnlag. Dette gjeld uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion/livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering eller kjønnsidentitet/kjønnsuttrykk.



Både DA og domstolane arbeider for å ha ein likestillingspolitikk som sikrar balanse i rekruttering av kvinner og menn, like mogelegheiter for karriereplanlegging, unngå kjønnsrelaterte lønnsforskjellar og nødvendig fleksibilitet i arbeidslivet. God fleksibilitet vil til dømes gjere det enklare både for kvinner og menn å kombinere omsorgsansvar og karriere.

Domstolane rapporterer at dei er bevisste rundt regelverk og haldningar for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Det er mellom anna sett i verk konkrete tiltak for å legge til rette for medarbeidarar og meddommarar med svekka syn og/eller høyrslø.

Det er også eit generelt fokus på betre universell utforming for medarbeidarar og meddommarar med behov for rullestol. Nokre domstolar rapporterer også om tiltak i samarbeid med NAV for å bidra til at menneske, som elles har vanskar med å komme inn på arbeidsmarknaden, får arbeidspraksis. Også Domstoladministrasjonen har gode erfaringar med dette.

Talet på medarbeidarar i domstolane med innvandrarakgrunn er stort sett størst i folkerike strøk og i dei store byane.

Overvekt av kvinner

Det er framleis stor overvekt av kvinner i saksbehandlarstillingane i domstolane, og overvekt av menn mellom jordskifteingeniørane og i dømmende stillingar. Mellom rådgivarar og administrative leiarar er det overvekt av kvinner. Det er relativt lita utskifting i administrative stillingar i domstolane. Dette tilseier at ei endring i kjønnsfordelinga vil måtte ta tid, uavhengig av kva for tiltak som blir sette inn.

Retningslinjer og rutinar

DA og domstolane har mange retningslinjer og rutinar som alle samla sett skal bidra til å fremme likestilling, hindre diskriminering og førebyggje trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald.

Desse tema er behandla i verksemdene si tilpassingsavtale til Hovudavtalen i staten, i ulike personalpolitiske dokument og rutinar, og i eigne dokument som «Retningslinjer for håndtering av personkonflikter, trakassering, utilbørlig atferd mv.» revidert årsskiftet 2019/2020, «Veileder – vold og trusler mot medarbeidare i domstolene og Domstoladministrasjonen» og i rekrutteringsguiden til domstolane.

Rapporteringsplikta er delt inn i område som det skal gjerast greie for kvart år, og område som det skal gjerast greie for annakvart år. Områda det skal gjerast greie for annakvart år, kartlegging av lønnsforhold fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltid, vil bli rapportert i årsmeldinga for 2021. Nedanfor følgjer rapport for dei områda det skal gjerast greie for kvart år:



Kjønnsbalanse i verksemda (del kvinner og menn totalt per stillingsgruppe)

Del kvinner og menn som er tilsette i deltidstillingar (antall eller prosent)

Del menn og kvinner som er mellombels tilsette (antall eller prosent)

	Kjønnsbalanse		Deltid		Mellombels tilsette	
	Antall	Prosent	Antall	Prosent	Antall	Prosent
Kvinner	1306	63 %	120	86 %	156	65 %
Menn	756	37 %	19	14 %	83	35 %
Total	2062	100 %	139	100 %	239	100 %

Note: Rapporteringa er basert på tal pr. 31.12.2020. Både mellombels tilsette og vikarar er definerte som mellombelse. Mellombelse inkluderer også dommarfullmektigar. Fordelinga endrar seg ikkje dersom desse tas ut.

Følgjande inngår ikkje i rapporteringa: Personar på ulike arbeidsmarknadstiltak utan løn, pensjonistar og timelønnte.

Gjennomsnittlig antall uker foreldrepermisjon for kvinner og menn

	Snitt foreldreperm. i uker
Kvinner	30,09
Menn	14,87

Note: Foreldrepermisjonar kryssar ofte over kalenderår. Det kan derfor vere forskjellar i rapporteringa knytt til permisjonar som starta i 2019, og som heldt fram i 2020.

Lærlingar

Det har blitt arbeidd aktivt for å opprette lærlingplassar og å følgje opp arbeidet med lærlingar, både i domstolane og i DA. Det var i 2020 totalt tilsett 14 lærlingar fordelt på IKT Servicefaget og Kontor- og administrasjonsfaget i domstolane. 11 domstolar rapporterer i tillegg at dei planlegg å ta inn lærling i løpet av 2021. Det er gjennomgåande veldig god tilbakemelding på lærlingordninga. Domstoladministrasjonen har i 2020 meldt verksemda inn i opplæringskontoret OK Stat.



Inkluderingsdugnaden

Domstoladministrasjonen skal i samsvar med tildelingsbrevet punkt 6.1 gjere greie for korleis rekrutteringsarbeidet har vore innretta for å nå regjeringa sitt mål om at fem prosent av alle nye tilsette i staten skal vere personer med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.

I dialogen med domstolane, og gjennom ulike kompetansetiltak om leiing, arbeidsmiljø og rekruttering, blir mangfald og inkludering løfta fram som eit viktig tema.

Ved rekruttering blir det synleggjort i kunngjeringstekstane eit ønske om mangfald, mellom anna gjennom auka del tilsette med innvandrarbakgrunn, med nedsett funksjonsevne og med hol i CV-en. Søkarar blir oppmoda om å krysse av i jobbsøkarportalen dersom dei er i desse målgruppene, og desse søkerane blir vurderte særskilt.

Domstolane har rapportert om til saman 129 tilsettingar i 2020. Tre av desse er frå målgruppene. Dette utgjer 2,33 %. I Domstoladministrasjonen var tre av 43 nye tilsette i 2020 frå målgruppene. Dette utgjer 6,98 %.

For domstolane og DA samla utgjer delen nye tilsette frå målgruppene for dugnaden 3,49 %.

Dersom vi også inkluderer nye tilsette med innvandrarbakgrunn, er den totale andelen 8,72 %. Søkarar med innvandrarbakgrunn er formelt sett ikkje ei av målgruppene for inkluderingsdugnaden. Men staten har i eit mangfaldsperspektiv også eit klart uttrykt personalpolitisk mål om å auke delen nye tilsette med slik bakgrunn. Dette følgjer også av forskrift til statstilsettelova § 4 b.

Handlingsplan og oppfølging

Det er i 2020 utarbeidd ein handlingsplan for oppfølging av inkluderingsdugnaden i DA og domstolane i 2021. Både samarbeidsråda, Hovudarbeidsmiljøutvalet og Fagteam leiing vil bli involverte i arbeidet. Det er også etablert ei intern arbeidsgruppe med representantar frå domstolane.

Ein vil mellom anna vurdere om verksemda skal knyte seg til Traineeprogrammet i staten for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Det vil også bli vurdert korleis inkluderingsdugnaden kan innarbeidast i introduksjonsprogrammet for nye leiarar, i tillegg til at alle leiarar vil bli oppmoda om å gjennomføre DFØ sitt nye e-læringskurs i mangfaldsrekruttering.

Nokre domstolar rapporterer også om tiltak i samarbeid med NAV, for å bidra til at menneske som har vanskar med å komme seg inn på arbeidsmarknaden får arbeidspraksis, og dermed større moglegheiter til å oppnå fast tilsetning. Også Domstoladministrasjonen har gode erfaringar med dette.



Tryggleik og beredskap

I 2020 skulle det vere fokus på grunnopplæring innan tryggleik og beredskap. I tillegg skulle alle tilsette i domstolane få tilbod om tiltaket «forebyggende sikkerhet». Alle medarbeidarar må lærast opp til å auke tryggleiken i eigen domstol ved hjelp av nokre enkle, men effektive grep. På grunn av koronapandemien måtte tiltaket utsettast til det blir mogleg å ha fysiske samlingar med minimalt smittevern.

Det er tenkt på tryggleik og beredskap ut over det å handtere smittevern relatert til pandemien.

85 prosent av domstolane melder om at dei har slutført eigen tryggleiksdokumentasjon. Dei resterande 15 prosentane som ikkje har fullført dokumentasjonen, mangla i hovudsak enkeltelement som risikooversikt, tiltaksoversikt, kontinuitetsplan, eller ein fullstendig beredskapsplan. Berre éin domstol melder om at dei manglar alle dokumenta, mot to domstolar i 2019.

Kriseleing under koronapandemien

43 domstolar opplyser at dei har øvd på kriseleing i samband med pandemien. Domstolane er ei samfunnskritisk verksemd som har måtta handtere pandemiberedskap og utøvd kriseleing gjennom heile pandemiperioden. Dette har vore handtert på ein god måte med tilnærma normal drift og få tilfelle av smitte. Kriseleing har vore ein del av kvardagen for alle i domstolane. Dette er ei viktig erfaring som vil ha stor positiv betydning for handtering av framtidige kriser.

Tryggleiksdagar og øvingar

Domstolane har i 2020 gjennomført mange lokale tryggleiksdagar og -øvingar.

56 prosent opplyser å ha øvd på noko innan tryggleik og beredskap. Av de 44 prosentane som ikkje har hatt øvingar, er det fleire som planlegg øvingar i 2021.

- 68 domstolar har gjennomført brannøvingar.
- 11 domstolar har gjennomført førstehjelpskurs.
- 15 domstolar har gjennomført tryggleiksdagar både med og utan øvingar.

70 domstolar opplyser at dei har ei indre sone som skil medarbeidarar frå publikum. 25 domstolar opplyser at dei manglar dette.

42 prosent av domstolane melder om at dei har ei form for kameraovervaking, mot 40 prosent i 2019.

90 prosent av dei som har kamera opplyser at utstyret er sett opp og handtert i samsvar med rutine for kameraovervaking.

Dei resterande 10 prosentane manglar i hovudsak å setje opp meir merking. Kamera er ikkje ein del av grunnsikringa i domstolane i dag.



Avvik

96 prosent av domstolane svarer at dei registrerer avvik. I 2019 var det 92 prosent. I 2020 blei det meldt inn 28 alvorlege avvik til DA, mot 30 alvorlege avvik i 2019. Dette er avvik som i stor grad er meldt til politiet.

21 prosent av domstolane melder om at det har kome truslar mot domstolane, medarbeidarar eller aktørar i domstolane. Dette er ein nedgang frå 2019 då talet var 35 prosent.

Truslane fordeler seg stort sett mellom dommarar og saksbehandlarar, men har også vore retta mot tryggleiksmedarbeidarar, vitne, sakkunnige og aktorar.

Ut frå årsrapportane frå domstolane har det ikkje vore truslar mot jordskifteingeniørar eller representantar for vitnestøtte.

Grunnopplæring

Grunnopplæring innan tryggleik og beredskap for nye leiarar, valde tryggleikslieiarar og verneombod vil bli arrangert digitalt i 2021 gjennom «Introduksjonsprogrammet for nye ledere - systemkompetanse».

Opplæringa vil handle om informasjonstryggleik, personvern og risikovurdering fordi vi ønskjer å heve kunnskapane på desse viktige områda. Det er gjennom opplæring og øving vi kan forbetre eigne ferdigheiter og samtidig bygge ein god tryggleikskultur som gagnar medarbeidarane og det rettsøkjande publikum.

Informasjonstryggleik

Som tidlegare år har DA registrert fleire hendingar knytt til forsøk på «direktørsvindel», der svindlarar gir seg ut for å vere nokon frå leiinga. Det er også registrert forsøk på phishing ovanfor medarbeidarar i løpet av 2020. Fortsatt reknar ein med at mørketala rundt reelle hendingar er store, men det er sett i verk tiltak for å adressere denne problematikken.

Med utgangspunkt i satsingsforslaget Digitale domstolar II er det løyvd betydelege økonomiske ressursar for å kunne gjennomføre ulike aktivitetar som ledd i oppfølginga av IKT-tryggleiksrevisjonen frå 2018. Det inneber at det i løpet av 2021 og 2022 vil bli lagt ned ein betydeleg innsats for å utbetre og etablere tiltak innanfor både informasjonstryggleik og personvern.

I dette arbeidet nyttar ein ulike internasjonale standardar og rammeverk, og føringar og rettleiingar frå andre statlege verksemder. Leiargruppa til direktøren og styret følger progresjonen i arbeidet tett.



I 2020 blei det, etter bestilling frå styret, gjennomført ein heilskapleg risikoanalyse innanfor informasjonstryggleik og personvern. Intensjonen er å innføre dette som eit verktøy for at ulike interessentar skal få innsikt i og forståing for arbeidet som blir utført innan informasjonstryggleik- og personvernområdet.

Arbeidet med å utvikle og setje i verk ulike tryggleikstiltak går føre seg i ein kontinuerleg prosess med bakgrunn i risikovurderingar, som blir avpassa til det som til ei kvar tid blir definert som akseptabel risiko. Innsatsen blir samanfatta med anna tryggleiksarbeid i domstolane og DA.

Arbeidet med informasjonstryggleik tar utgangspunkt i strategien til verksemda. Målet er å støtte og sikre verksemda i domstolane som ledd i å levere på samfunnsoppdraget.

Arbeidet med informasjonstryggleik og personvern vil bli styrka framover gjennom handlingsplan for 2021 og 2022 som blei vedtatt i styremøte 14.12.2020.

Bevisstgjøring - Nasjonal sikkerhetsmåned i 2020

Domstolane og DA deltok også i 2020 på kampanjen nasjonal tryggingmånad. Tematikken for årets kampanje var «bevisstgjøring».

Resultatet etter at kampanjen var gjennomført viser ein betydeleg nedgang i gjennomføring blant dei tilsette. Det er tilsvarande nivået for 2018. Det vil bli sett i gang tiltak for å auka motivasjonen og kompetansen innan informasjonssikkerheit hos medarbeidarane. Dette er nødvendig for at vi skal kunna levera på samfunnsoppdraget vårt i ei stadig meir digitaliserte verda

Personvern

I 2020 har DA og domstolane arbeidd vidare med implementeringa av regelverket for personvern. Personvern skal vere ein integrert del av verksemda i domstolane og behandlinga vår av personopplysingar. Hovudprioriteringa i 2020 har vore etablering av styrande dokumentasjon i internkontrollen og handtering av avvik.

Det er fastsett ein konkret handlingsplan for tiltak innanfor personvern. Målet er at internkontroll for personvern skal vere innført i alle delar av verksemda i løpet av to år (2021 og 2022). Det er også gjennomført endringar for å styrke ressursituasjonen på personvernområdet, mellom anna sørgje for betre framdrift i arbeidet med internkontroll for å sikre at regelverket blir følgt.



Det er oppretta eit fagteam for personvern. Dette er gjort for å sikre betre framdrift i utviklingstiltak innanfor personvern, og å byggje kompetanse på fagområdet. Fagteamet skal arbeide med å fylle dei krava som blir stilte til DA og domstolane for å sikre at regelverket for personvern blir følgt. Målet er at fagområdet personvern skal vere ein integrert del av verksemda til DA og domstolane.

Internkontroll og risikovurderingar

I 2020 er det arbeidd med ei metodisk tilnærming til risikostyring for driftssida i Domstoladministrasjonen (DA). Verktøyet for risikovurdering som blir nytta, er utvikla av KPMG og distribuert via Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Det er starta ein dialog med KPMG for om mogleg å få eit meir skreddarsydd verktøy til DA og domstolane.

Fokuset for risikostyring i verksemda har vore på risiko og sårbarheit sett ut frå retningslinene som DA har fått gjennom «oppdrag- og tildelingsbrev» frå regjeringa. Kvar avdeling i DA har fått tildelt den eller dei retningslinene som ligg til ansvarsområda til avdelinga. For nokre retningsliner har fleire avdelingar eit ansvar.

Det har vore arbeidd etter følgjande struktur:



Retningslinene for 2020 har vore:

- Leggjje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane som gir reell tilgang til domstolane og rette avgjerder til rett tid
- Sørge for effektiv ressursutnytting gjennom felles praksis og større satsing på aktiv saksstyring og utnytting av dei moglegheitene til effektiv saksavvikling som allereie ligg i lovverket.
- Leggjje til rett for systematisk kvalitetsutvikling
- Leggjje til rette for at domstolane oppfyller dei måla Stortinget har sett for gjennomsnittleg saksbehandlingstid
- Sørge for sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess
- Sikre systematisk rekruttering og kompetanseutvikling for leiarar og medarbeidarar i domstolane og Domstoladministrasjonen.
- Sikre at oppgåvene til domstolane blir løyste innanfor forsvarlege og trygge rammer
- Sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for regjeringa og Stortinget



Kvar avdeling i DA har levert ei tertialvis risikovurdering samtidig med den økonomiske rapporteringa. Leiargruppa i DA har hatt ansvaret for vurdering og prioritering av tiltak. Desse har vore handterte fortløpande i høve til kost/nytte. Styret i DA blir informert dersom risikosituasjonar er slik at dei bør rapporterast.

I 2020 har ikkje domstolane vore direkte involverte i arbeidet med risikostyring av verksemda. Men med bakgrunn i koronasituasjonen, har det vore ei tett oppfølging av saksavvikling og koronarelaterte tiltak for å kunne oppretthalde drifta så normal som mogleg.

For 2021 vil det bli avklara nærare korleis DA skal kunne leggje til rette for at domstolane skal bli involverte i arbeidet med risikostyring av verksemda.

Innkjøp og anskaffingar

Domstoladministrasjonen har i 2020 gjennomført større innkjøp på følgjande område:

- digitalisert arbeidsflyt i domstolane
- LOVISA-systemportefølje
- informasjonsportalar
- leasing av tenestebilar for ingeniørar i jordskifterettane
- konsulenttenester

I tillegg er det gjennomført innkjøp av fleire reinhalds- og tryggingstenester i tinghus, bøker til domstolane og eit titals mindre avtaler på varer og tenester.

Det er også jobba med oppfølging av løpande avtaleforhold og førebuing av innkjøp som ligg 1-3 år fram i tid.

I 2020 har Noregs domstolar nytta seg av fellesavtalar inngått av Statens innkjøpssenter for reisebyråtenester, forbruksmateriell, Pc-skjermar, Pc-klientar, mobilabonnement, mobiltelefonar og nettbrett.

Vi deltar i eit samarbeid med politiet på multifunksjonsmaskiner, med Oslo kommune for tenester på revisjon av kontroll av lønns- og arbeidsvilkår og med NTNU på flyreiser. Det blir at forventa fellesavtalar og samarbeid på område som nemnt over både gir betre avtalevilkår og reduserer intern ressursbruk på innkjøps- og innkjøpsområdet.



Rettsbygningar

Drammen tinghus

Statsbygg leverte hausten 2017 eit notat om konseptval for Drammen tinghus. Dette blei følgt opp med ein rapport om oppstart av forprosjekt (OFP) i 2018. Statsbygg fekk i 2019 i oppdrag å gjennomføre eit forenkla forprosjekt som skal gi grunnlag for styrings- og kostnadsramme for nytt tinghus. Dette arbeidet er sett i gang, og det tas sikte på å underteikne leigekontrakt våren 2021. Det blir lagt til grunn to års byggetid med venta innflytting sommaren 2023.

Vestfold tinghus

I 2019 leverte Metier OEC ei utgreiing om konseptval for framtidig tinghusløysing i Vestfold. Styret i DA vedtok etablering av nytt tinghus i Tønsberg. Det vil bli sett i gang eit forprosjekt etter nærare avklaring frå Justis- og beredskapsdepartementet om privat eller statleg leige av dei nye lokala.

Oslo tinghus

Det er starta ombygging av kontorareal i tre etasjar i Oslo tinghus, mellom anna for å leggje til rette for fleire opne løysingar for saksbehandlarar i Oslo tingrett. Dette arbeidet blir ferdigstilt våren 2021.

Ny lov om etterretningstenesta gjer det nødvendig å etablere lokale i Oslo tinghus for å kunne handtere informasjon som er gradert på nivået «strengt hemmelig». I statsbudsjettet for 2021 blei det løyvd 7 millionar kroner til dette. Prosjektering av lokala er sett i gang. Arbeidet er venta fullført i løpet av 2021.

Molde tinghus

Det er planlagt nye oppgraderte lokale for domstolane i Molde. Romsdal tingrett og Romsdal jordskifterett blir samlokaliserte. Prosjektet inkluderer også ein rettssal for Frostating lagmannsrett. Denne totalrenoveringa er venta starta opp i løpet av våren 2021, og den skal etter planen vere ferdig tidleg i 2022.

Søre Sunnmøre tingrett

Det er inngått ny husleigekontrakt med Statsbygg for ei vidareføring av eksisterande lokale. Det vil i løpet av kort tid bli gjort enkelte bygningsmessige tilpassingar. Det vil også bli gjennomført ekstra vedlikehald av lokala. Dette blir finansiert av Statsbygg.



Trondheim tinghus

I Trondheim tinghus er Statsbygg i gang med å etablere ein stor sal med mogelegheit for styrka tryggleik. I tillegg blir det etablert venteceller i kjellaren, med ein eigen inngang for politiet. Prosjektet skal vere fullført i midten av 2021.

Harstad tinghus

Det har vore planlagt nye lokale i Harstad. I 2021 vil eksisterande lokale for tingretten og jordskifteretten bli bygde om for å få ei betre samlokalisering av domstolane. Det er venta at ombygginga blir fullført hausten 2021.

Bodø tinghus

Det blei lyst ut konkurranse om nye lokale i Bodø i 2020. I løpet av hausten har det vore forhandla med tre aktuelle tilbydarar. Prosjektet skal leggje til rette for samlokalisering av Salten tingrett og Salten jordskifterett. I tillegg skal det etablerast ein rettssal for Hålogaland lagmannsrett. DA er i sluttforhandlingar med éin tilbydar. Ein reknar med å inngå kontrakt om nye lokale i januar 2021. Domstolane skal flytte inn i nye lokale seinast 1. mai 2022.

Bergen tinghus

I statsbudsjettet for 2021 er det løyvd 11 millionar kroner til forprosjektering av nytt tinghus i Bergen. Det er Statsbygg som har fått tildelt desse midla (budsjettkap. 2445) over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Prosjektet inneber også at det blir etablert tilleggslokale (arbeidsplassar) utanfor tinghuset. Det er venta oppstart av forprosjekt for rehabilitering av Bergen tinghus tidleg i 2021.

Hallingdal tinghus

På Nesbyen er det oppretta nye lokale for dei samlokaliserte domstolane Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett.

Sogn og Fjordane tinghus

I Førde er Sogn og Fjordane tingrett og Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett samlokaliserte i rehabiliterte lokale.



V. Vurdering av framtidsutsikter



Ny domstolsstruktur

Regjeringa valde å senda utgreiinga frå domstolskommisjonen om ny NOU 2019:17 ut til høyring saman med eit eige forslag til domstolsstruktur. Forslaget, også namngitt rettskretsalternativet, innebar at ein følgde kommisjonsforslaget om å utvida rettskretsane for tingrettar og jordskifterettar, men slik at alle rettsstader skulle behaldast og bemannast. Stortinget vedtok dette alternativet med nokre justeringar i desember 2020.

I arbeidet med domstolsstruktur har DA elles bidratt med faglege innspel, vurderingar, utrekningar og annan etterspurd dokumentasjon overfor kommisjonen og dei involverte departement. I tillegg til kontakten med departementa har DA også deltatt på høyringar og i møte med det politisk miljøet på Stortinget

Omstilling

Samfunnsutviklinga, digitaliseringa og dei endra økonomiske rammevilkåra medfører på sikt endringar i arbeidsoppgåver, arbeidsmåtar og auka effektivitetskrav i domstolane. Krav til medarbeidarane sine kunnskapar og ferdigheiter blir endra i åra framover. Det er nok å peike på koronapandemien som i 2020 har utfordra endringskapasiteten til domstolane og gitt kvantesprang i digital og teknisk kompetanse, nye arbeidsformer og arbeidsprosesser. Det har vore stor endringsevne og -vilje i situasjonen som har oppstått.

Med utgangspunkt i Domstoladministrasjonen si strategiske plan, og målet om betre ressursutnytting, har styret starta eit omstillings- og nedbemanningsprosjekt. Hovudmålet er å sikre at bemanninga i størst mogleg grad er tilpassa til framtidig struktur, oppgåver og arbeidsform og behov for kompetanse, også sett i lys av tilgjengelege ressursar. Prosjektet har i 2020 gjennomført omfattande fysiske og digitale kompetansetiltak retta mot alle leiarar med personalansvar i domstolane og DA med fokus på omstilling og endringsleiing. Det har vore eit mål å gjennomføre omstillingssamtaler med alle medarbeidarar.

I forlenginga av dette har ein tilbode verkemidlar i form av pensjonssamtaler, vegvalsamtaler og karriererettleiing. Det er også utarbeidd kompetanseprofilar for framtidige medarbeidarar. I resterande del av prosjektet vil hovudfokuset vere på intern



organisering og organisasjonsutvikling av domstolane for å betre ressursutnyttinga og leggje til rette for fagmiljø i dei nye rettskretsane som blei vedtatt i desember 2020.

Stadig meir av det DA leverer på skjer i samarbeid med ressursar ute i domstolane og utanfor domstolane. I desse utviklingsprosessane har vi behov for gode verktøy for mellom anna samhandling, deling og lagring. Det er sett i gang eit innsiktsarbeid med behovskartlegging og risikoanalyse. Dette skal vere med å sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for eventuelle val av løysingar og digitale verktøy, som i sin tur kan hjelpe oss med å levere raskare, rimelegare og med betre kvalitet.

Dette må sjølvstendig sjåast i samheng med rapportering på Domstolane sin rekneskaps- og lønsseksjon (DRL), Avdeling for innovasjon og domstolsutvikling (INDU) si rapportering og også framtidige utviklingsmål som blir omtalte i avsnittet om strategisk plan.

Det vil vere ulike utviklingstrekk i samfunnet som vil kunne påverke domstolane i tida framover. Etter DA si vurdering vil dette vere:

a) befolkningsutvikling og geografisk fordeling

Statistisk sentralbyrå viser til at Noreg vil passere 6 millionar innbyggjarar innan 2040. Dette vil gi ein auke på 0,6 millionar innbyggjarar samanlikna med 2020. Eit auka tal innbyggjarar gir generelt sett eit auka tal saker for domstolane. I NOU 2019:17

Domstolsstruktur er det lagt til grunn at sakstilgangen fram mot 2040 vil auke med omlag fem prosent. Samtidig blir det peika på at det vil vere svært ulik utvikling i sakstilgangen for den enkelte domstolen, mellom anna knytt til ulik befolkningsvekst i rettskretsane.

Både ein reell saksvekst og ulikt fordelt geografisk sakstilgang vil etter DA si vurdering vere utfordrande for domstolane dei næraste åra.

b) digitalisering

Digitalisering har vore ein del av det norske samfunnet og arbeidslivet over lengre tid.

Digitalisering omfattar stadig nye område. Ny teknologi endrar arbeidsprosessar og skaper samhandling på tvers av tidlegare organisatoriske grenser i dei fleste sektorane i samfunnet. I offentleg sektor er det i stor grad behovet for å effektivisere som driv utviklinga.

Ønska utvikling er nedfelt i Meld. St. 27 (2015-2016) Digital agenda for Noreg og i Digitaliseringsstrategi for offentleg sektor 2019 - 2025.

Digitalisering av offentlege verksemdar skaper forventningar om nye arbeidsformer og kommunikasjonsformer frå profesjonelle aktørar og det rettssøkjande publikum.

Å oppfylle desse forventningane gir utgiftsmessige utfordringar, sidan det er avgrensa moglegheiter til å bruke gevinstar som oppstår hos dei profesjonelle brukarane til å finansiere løysingane.

I digitaliseringa av domstolane vil dei største gevinstane vere hos dei profesjonelle



brukarane. Samtidig gir forventingar om raskare digitalisering frå brukarar og det rettssøkjande publikummet større mogelegheiter for å gjennomføre endringar hurtigare og betre.

c) teknologiutvikling og sakssamansetting

Den teknologiske utviklinga går raskt og påverkar enkeltsaker og den samla saksporteføljen til domstolane. Teknologiutviklinga har ført til at nye sakstypar har komme til, og at meir tradisjonell vinningskriminalitet synest å bli erstatta av nettbasert kriminalitet, for eksempel identitetstjuveri, bedrageri og utpressing.

Det er også fleire eksempel på omfattande seksuallovbrotssaker der dei straffbare forholda er utførte på nett. Dei nettbaserte straffesakene synest generelt å ha større omfang enn dei meir tradisjonelle kriminalitetsformene.

d) kriminalitet

Endringar i kva slags straffesakstypar det blir utført lovbrøt innanfor, kva slags saker politiet/påtalemakta prioriterer, og kva slags saker som blir etterforska fram til ei tiltale vil påverke aktiviteten og ressursbehova i domstolane. Sidan 2015 har talet på meldingar og påtaleavgjorde saker hos politiet blitt redusert med 12 prosent.

Om tendensen held fram, kan dette tyde på eit lågare tal straffesaker til domstolane i tida framover. Samtidig må dette sjåast i samheng med ei dreining i sakssamansettinga med meir omfattande nettbaserte straffesaker, jf. punkt c Teknologiutvikling og sakssamansetting.

e) internasjonalisering

Internasjonal påverknad på norsk rett og samfunnet generelt stiller nye krav til den dømmende verksemda. Internasjonalisering medfører at domstolane må rette seg etter eit meir samansett og dynamisk rettskjeldebilete, og eit aukande tal enkeltsaker vil krevje meir omfattande avklaring av rettsreglar.

f) spesialisering

Det er ei spesialiseringstrend i samfunnet som i varierende grad påverkar ulike samfunnssektorar og fagområde. Både spesialiserte partar og andre spesialiserte aktørar i rettssakene har høge forventingar til domstolane sine evner til å behandle spesielle sakstypar på ein god måte.


Trenden til spesialisering utfordrar domstolane sine evner til å tilby god nok spisskompetanse og fleksible behandlingsmåtar på enkelte saksområde.

Samtidig gir spesialiseringstrenden også domstolane mogelegheit til å utvikle meir spesialiserte fagmiljø innanfor rammene av eit alminneleg domstolssystem.

Dette kan bidra til styrka rekruttering, generell styrking av fagmiljøa og bidra til domstolane sitt omdømme.



VI. Årsrekneskap



Mellombels årsrekneskap er sendt departementet. Endelig årsrekneskap for 2020 er klart i april 2021.

